



Beite og kulturlandskap

– for folk og fe

- **ROGALAND SOM BEITE- OG GRASFYLKE**
- **OPPARBEIDING OG STELL AV BEITE**
- **BEITE OG KULTURLANDSKAP**
- **OFFENTLEGE ORDNINGAR OG RAMMER**
- **GJERDING, GJERDEHALD OG ORGANISERING AV NÆRE BEITE**
- **UGRAS**



Fylkesmannen i Rogaland
Landbruksavdelinga

Bonde
vennen

Beita er ein svært viktig ressurs



Fylkesmannen i Rogaland
Landbruksavdelinga

Rogaland er gras- og beitefylket. Av eit jordbruksareal på totalt 1 million dekar blir heile 95% nytta til grasdyrking. Og tenk - om lag 40% av jordbruksarealet vårt er beite. I tillegg blir store deler av utmarka i Rogaland brukt som beiteområde. Dette store grasarealet er grunnlaget og føresetnaden for at Rogaland har om lag 20% av dei grovførbaserte produksjonane i landet, som mjølk, storfe og sau.

Og vi må vere offensive; landbruket i Rogaland skal halde posisjonen også i framtida – vi må til og med ha som mål å auke den totale matproduksjonen. Med landbruket i Rogaland meiner eg i *heile* Rogaland. Dei sentrale landbruksområda og distrikta er alle viktige for å nå offensive mål. Beita kjem vi sjølv sagt ikkje utanom – dei utgjer ein kritisk innsatsfaktor for husdyrbruket i fylket.

Beita gjer seg ikkje sjøve. Det ligg arbeid bak avlingsrike og funksjonelle beiteareal. Vi må ha eit konstant fokus på å halde kvaliteten oppe. Landbruket vil alltid vere i endring. Kanskje framtida blir meir krevjande enn vi har vore vane med? Strukturendringar skjer. Vi arbei-

der aktivt for å halde oppe eit aktivt landbruk i heile fylket. Arbeidet for å hindre at det blir færre bønder er ein vanskeleg kamp. Å halde alt jordbruksareal i hevd bør vere ei enklare oppgåve. Ekstensivering av gras- og beiteareala – at areala ikkje blir haldne i hevd – at kvaliteten og avlinga fell, er for meg ein trussel. Den må vi unngå.

Beita som førressurs for landbruket i Rogaland kan ikkje overvurderast. Dette heftet vonar eg vil synleggjere, inspirere og motivere til aktivt beitebruk i fylket. Så må vi også ha med oss at beita er meir enn mat; kulturlandskapa som rekreasjonsområde og reiselivsmål, kulturlandskapa som kulturbærar, og kulturlandskapet som leveområde for verdifulle, ville planter og dyr.

La oss alle stå på for beita i Rogaland!

Stavanger, desember 2010

*Hadle Nevøy,
landbruksdirektør*

Beite – økonomi og organisering

Bonde vennen

Beiteareala våre er ein viktig førressurs, men ikkje bare det. Dei er viktige kulturelement i landskapet, og i høve til tradisjonar i landbruket og i samfunnet rundt. Beitebruk er å ta vare på natur, for gjennom aktiv beitedrift får ein opne landskap og tek på den måten vare på viktige naturtypar.

Beite er så mykje, frå dei beste drivne kulturbeita på det beste jordsmonnet, til skrinne fjellbeite. Beita som ressurs har hatt mykje å seia for økonomien på mange gardar, og blir det også i framtida. Drivne på rette måten, gir beita det billegaste grovføret.

Dette er ikkje eit lærehefte. Til det er emnet for omfattande, og det finst mange gode lærebøker. Men ein skal ikkje ha reist så langt langs vegen for å sjå at mange kulturbeite kan drivast svært mykje betre. Det dreier seg om kunnskap. Og store delar av utmarka er i ferd med å gro att, mellom anna på grunn av mindre beiting. Vi håpar at heftet skal gi impulsar til at mange ek-

sisterande beite blir drivne betre, og til å ta tilbake ein del areal som tidlegare har vore beitte.

Godt drivne beite gir eit godt økonomisk bidrag til gardsdrifta. Men vi veit også at god utnytting av utmarksbeite krev svært mykje av organisering, og mange stader omfattande gjerdehald for at det skal vera mogleg å utnytte ressursen. I heftet er desse spørsmåla sentrale, saman med informasjon om aktuelle tilskotsordningar.

Så er det viktig å få fram kva rett drift av både kulturbeite og utmark betyr for samfunnet rundt. Ei gjensidig forståing av dette mellom bønder og alle andre er viktig også for å oppnå gjensidig nytte.

Stavanger, desember 2010

*Dag Raustein
redaktør*

Innhold

ROGALAND SOM BEITE- OG GRASFYLKE

Rogaland utnyttar beiteressursane	4
Potensiale og utfordringar i utnytting av beita	6
Beitedyr og landskapsendringar	8

OPPARBEIDING OG STELL AV BEITE

Opparbeiding av kulturbeite	10
Vegar i beite	12
Utnytt potensialet	14

BEITE OG KULTURLANDSKAP

Beite – biologisk mangfald – næringsutvikling	16
Kulturlandskap i særklasse	18
Kulturlandskap og merkevarer	20
Viktige lyngheiar på Haugalandet	22
Pleier lyngheia med beiting og brenning	22
Utmarksbeitet – ein viktig ressurs for garden	24
Arbeidsreiskap og hobby	27
Heialivet, samhald og samarbeid	28
Beitelandskapet vinkla mot turistnæringa	30
Ut på tur – i kulturlandskapet	32

OFFENTLEGE ORDNINGAR OG RAMMER

Villsau og brenning	34
Spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL – ordninga)	34
Regionalt miljøprogram	36
Strand Sankelag	
– organisert landskapspleiar	37
Organisert beitebruk	37
Produksjonstilskot	38
Rovdyr-problematikk	39

GJERDING, GJERDEHALD OG ORGANISERING AV NÆRE BEITE

Beite som ressurs for landbruket og bygda	40
Solide gjerde	41
Alle gode krefter må samarbeida	42

UGRAS

Rydding av einer i beite	45
Ugras i beite	46



Kvilldal i Suldal, rundt 1980 og i 2010. Det eldste biletet er teke frå eit litt høgare punkt i terrenget enn i 2010.11.24

Rogaland utnyttar beiteressursane

Utnytting av beiteressursane er ein viktig del av grunnlaget for jordbruksproduksjonen i Rogaland. Det store husdyrhaldet i fylket er i stor grad tufta på ei aktiv utnytting av beita.

Birger Aasland,
Fylkesmannen i Rogaland

Bønder nyttar store heieområde både i eige fylke og i grannefylke som beite for sau. Det er lange tradisjonar med heiesending av sau, som t.d. frå Jæren til leigd sommarbeite i Sirdal- og Setesdalsheiane.

Innmarksbeite

Rogaland har om lag 1 million dekar jordbruksareal (innmark). 95% av jordbruksarealet blir nytta til grasdyrking, og vidare er ca. 40% av jordbruksarealet beite. Dette store grasarealet er grunnlaget for at Rogaland har om lag 20% av dei grovførbaserte produksjonane i landet.

*Godt stell av kulturbeita gir store avlingar.
Her hjå Idar Egeland, Fotland i Time.*



Godt innslag med fleirårig raigras i kulturbeita gir godt grunnlag for høge avlingar.

Innmarksbeite utgjer om lag 440.000 dekar, medan talet for landet er 1.530.000 dekar. Dette betyr at Rogaland har heile 30% av innmarksbeitet i landet. Det er vanleg med årleg gjødsling, og kalking ved behov. Generelt sett er det store variasjonar frå beite til beite kor mange føreiningar dyra haustar pr. dekar. Vi tek her med nokre tal som illustrerer dette: Gjødsla

innmarksbeite frå 150 til 350 føreiningar pr. dekar, og ugjødsla innmarksbeite frå 50 til 150 føreiningar pr. dekar.

Det er mange bønder som har store beiteareal på garden, og beitedyra går då i stor grad på heimebeite heile sommaren. Ein vesentleg del av heimebeitet er innmarksbeite.

I Rogaland beiter det om lag 180.000 sau og lam på innmark heile sommaren. I tillegg er det ein del sau og lam som vekselvis beiter på innmarks- og utmarksbeite. Sauebønder med mykje heimebeite, kan levera ein del lam til slakt i løpet av sommaren (plukkslakt) før den store haustslaktinga. Andre har ein del av flokken på heimebeite og sender resten på heiebeite (fjellbeite).

Vidare beiter det mykje storfe på innmark. Både ungdyr, mjølkekyr og ammekyr utnyttar innmarksbeita godt. I mjølkeproduksjon nemner vi at mange er med i beitesamarbeid for effektiv utnytting av beiteressursar og for ordna ferie og fritid.

Mange bønder har både storfe og sau, og sambeite eller vekselbeiting mellom fleire dyreslag gir optimal utnytting av beiteressursane. Ulike dyreslag har ulike beitemønster. Dyra vrakar den næringsrike grøda kring avføringa frå same dyreslag, men beiter i mange høve planter som veks rundt





Sambeiting mellom storfe og sau gir større totalavling. Her hjå Idar Egeland, Fotland i Time.

gjødsla frå andre dyreslag. Når storfe og sau beiter saman, blir både aks og strå borte.

Rogaland har den lengste vekstsesongen i landet. I låglandet kan ein for sau rekna beitetida frå slutten av april og fram til november. For ungdyr og ammekyr kan ein også rekna relativt lang beitetid. I mjølkeproduksjon med stort behov for mykje gras av god kvalitet, blir det ved beitesamarbeid lagt til grunn perioden 1. mai til 30. september.

Utmarksbeite

Utmarksbeite er ein viktig ressurs for landbruket, og husdyra haustar mykje fôr i utmarka. Beiteverdien for den enkelte vegetasjonstypen vil i første rekke vera avhengig av produksjon av beiteplanter, næringsverdien i beiteplantene og utnyttingsgraden.

Det finst ikkje nøyaktig oversyn over omfang av utmarksbeite. Vidare varierer kvaliteten på utmarka mykje. Generelt sett kan ein rekna at om lag halvparten er nyttbart heiebeite, men her er det store variasjonar frå område til område. Nyttbart beite er areal der ein kan rekna at dyra haustar beitegrøde av betydning. Vidare er det mykje utmark som ikkje har nok beiteplanter til å vera eigna som husdyrbeite.

Sauen er det husdyrslaget som utnyttar utmarksbeite best. Godt beite er det rimelegaste og beste grovfôret ein kan gje sauen. Rogaland har om lag 270.000 sau og lam på utmarksbeite. Ein del av desse er på heiebeite (fjellbeite).

Norsk institutt for skog og landskap har sett på kor mange dyr ein kan rekna pr. km² nyttbart beite på ulike beitekvalitetar. På mindre godt beite kan

ein rekna mellom 30 og 50 sau/lam pr. km², 50 til 80 sau/lam pr. km² på godt beite og 80 til 100 sau/lam pr. km² på svært godt beite.

Med omsyn til beitetid på heiebeite kan ein rekna om lag tre månader, frå ca. 15. juni til ca. 15. september. Det skal leggjast til at dette vil variera noko frå år til år og frå heieområde til heieområde.

Utmarks- og fjellbeita våre veksar frå frodige stølsvollar, til skog og skrinne fjellareal. Her frå Mestøl, Kvilldal i Suldal.



Potensiale og



Dei skraverte areala syner områda som er dekte av organiserte lag i/frå Rogaland.

Det skal også nemnast den stigande interessa for ammekyr, og at desse kan hausta mykje av fôret i utmarka.

Ei hovudutfordring i høve til framtidig utnytting av utmarka er den sterke attgroinga som har føregått etter siste verdskrig. Det er mange årsaker til dette. Her kan nemnast reduksjonen i dyretalet på utmarksbeite, nedfall av næringsstoff med nedbøren og klimatiske tilhøve. Beitedyra i utmarka er den viktigaste reiskapen for å førebyggja attgroing og pleia kulturlandskapet.

Organisert beitebruk

På landsbasis er utmarksbeitinga godt organisert med samarbeid i beitelag der om lag 80% av sau og lam på utmarksbeite er med i organisert beitebruk. Føremålet med organisert

beitebruk er å leggja til rette for best mogleg utnytting av beite i utmarka og redusera tap av dyr gjennom organisert tilsyn, organisert sanking og andre målretta fellestiltak i beiteområda.

Rogaland har ca. 100.000 sau og lam med i organisert beitebruk, og dette utgjør ikkje meir enn om lag 35% av dyra på utmarksbeite. Hovudforklaringa på den låge andelen i Rogaland er at mange sauebønder har store beiteareal på garden og dermed i stor grad har dyra på heimebeite.

Det er potensiale for at fleire sauebønder går saman i beitelag for utnytting av utmarksbeite, og i Rogaland blir dette stimulert med ein monaleg auke i driftstøtta til organisert beitebruk frå 2010.

Rogaland er beitefylket. Rundt 40 % av jordbruksarealet er kulturbeite, og utgjør i storleiksorden 400 000 dekar. Tradisjonelt har Rogaland også utnytta fjell-/utmarksbeita sterkt, både i eige fylke og i nabofylka – først og fremst til sau.

Bv

Dag Raustein

Gjennom tidene har rogalandsbonden også fått mykje kunnskapar om beite, både det som er kultivert og det som bare blir hausta. Kunnskapane har sjølvsagt kome frå grunnleggjande teori, frå forsøk og formidling av resultat derfrå, og ikkje minst frå eigen praksis. Som innslag i dette heftet syner, er det mange bønder som ligg på eit særst høgt kunnskapsnivå i høve til utnyttinga av beita. Det er likevel eit klart inntrykk at beitekulturen er prioritert ned i mange samanhengar, og at mange har mykje å gå på i høve til å utnytta avlingspotensialet fullt ut.

Avlingspotensialet

Beite må takast opp gjennom dyrekjeften. Dermed blir hausta/utnytta avling mindre enn det ein får med kontrollerte avlingsforsøk der ein slår graset. Men når forsøk viser at ein ved å hausta for hand/maskinelt kan ta over 800 fôreiningar pr. mål på svært gode kulturbeite, bør dyra kunna ta opp minst 500 fôreiningar pr. mål. Vi må ta med at dei tala vi har nytta her, er på beste jorda i beste klimasona, så la oss rekna at det kan takast 250 - 300 fôreiningar pr. mål gjennom dyrekjeften som eit middel på kulturbeita i fylket – ved godt stell. Forsøk med dyr stadfestar dette.

Når det gjeld fjell-/utmarksbeita er det mange måtar å rekna på. Vi har sett på ei samanstilling gjort av tidlegare fylkeslandbruksjef/fylkesagro-

utfordringar i utnytting av beita



Med god drenering, kalking, ugraskamp og ikkje minst rett beitetrykk til ei kvar tid og lite og ofte gjødsling – som her hjå Idar Egeland, Fotland i Time - kan avkastinga av kulturbeita aukast monaleg på mange gardar.

nom Einar K. Time: "Verdien av beite som ressurs for jordbruksproduksjon i Rogaland" (1995). Her har han sett på alle heiane i fylket og stilt saman tal frå ulike kjelder. Time gjer merksam på at det knytter seg mykje uvisse til tala, men at dette er dei best tilgjengelege.

Dei 40 heiane han har sett på, utgjer til saman 2 200 kvadratkilometer. Beite oppteke av dyra, er vurdert til å vera frå 2 – 3 føreiningar pr. mål til opp i det femdoble. Det er rekna at kvart smålog (sau og lam) tek opp rundt 110 føreiningar i løpet av 100 beitedagar. Samla kapasitet i dei vurderte heiane er vel 65 000 smålog. I tillegg til heiane, er det mykje utmark nær heimejorda på mange gardar.

Økonomi

La oss prøva oss litt vidare med desse tala: med 400 000 mål kulturbeite og 250 føreiningar pr. mål, kjem vi til eit potensiale på 100 millionar føreiningar pr. år. Med 65 000 smålog som kvar tek 100 – 110 føreiningar på fjell-/utmarks-

beite, er potensialet rundt 7 millionar føreiningar pr. år.

Gras hausta i rundballar, vil normalt kosta mellom kr 2,50 og 2,90 pr. føreining når alle kostnader er med. Beite, både kulturbeite og fjell-/utmarksbeite, bør ikkje kosta meir enn kr 1,50 pr. føreining å produsera med alle kostnader innrekna. La oss rekna at beite på dyrka jord kostar det same. Kraftfôr kostar frå kr 3 og oppover pr. føreining. Det er nå mange måtar å rekna på vidare: Ville ein tapt produksjonsvolum om beita ikkje var der, eller kjem beita i staden for kraftfôr? Uavhengig av korleis ein reknar, kjem verdien av beita totalt i fylket i 100 millionar kroners-klassen.

Utfordringar

Mykje av kulturbeita er godt drivne. La oss likevel seia at helvta av dei kunne gitt 100 føreiningar pr. mål meir enn dei gir i dag ved betre stell. Det gir 20 millionar føreiningar i samla auke. Utmarks- og fjellbeita kunne også vore

utnytt sterkare enn i dag, for alle beita er ikkje nytta opp mot rekna kapasitet. Ein 20 % auke ville gitt 1 – 2 millionar føreiningar meir hausta av beitedyra. Alle tal er svært usikre, men seier ein del om kapasiteten til større avlinger og betre økonomi.

Som artikkelar ute i heftet syner, dreier god utnytting av kulturbeite seg om rett beitetrykk til ei kvar tid, om grøfing, kalking, rett fordeling av gjødsla og om ugraskamp. Økonomisk utnytting av utmarka dreier seg mykje om samarbeid og organisering av dette. Både fordi det er gode tilskotsordningar for organisert beitebruk, men òg fordi samarbeid på større areal reduserer kostnadene pr. mål. Sær viktig i denne samanhengen er rasjonell gjerdebygging, med haldbare gjerde på rett plass.

Sjølv i beitefylket Rogaland kan beita utnyttast betre.

Beitedyr og landskapsendringar



Nygaard, Birkeland i Bjerkreim fotografert av Espedal i 1924 og av Arne Jostein Lyshol i 2010. Sidan 1924 er ein ny gard rydda og bygd under kyrkjefjellet.



Bjørheimsbygda fotografert av Rogaland Landbrukssekskap i 1958, og av Arne Jostein Lyshol i 2008.

Byrkjedal i Gjesdal, fotografert av Espedal i 1937 og av Arne Jostein Lyshol i 2006.





Fra Bø på Rennesøy.

Haugalandet, Rennesøy, Bjerkreim, Jæren eller Lund. Ein av fellesnemnarane er at landskapet er i endring. Så lenge folk har halde husdyr i desse områda, har beitedyra sett preg på landskapet.

Bv

Sjur Håland

Areal som før vart nytta av dyr eller menneske, gror att. Einaste påverknaden er klimaendringane som bidreg aktivt til dei biologiske prosessane. Dei siste åra har gjengroing blitt eit tema som uroar mange. Strukturutviklinga

har ført til større einingar og bruksnedleggingar. Mykje av areala i drift blir leigd. Avstanden mellom leigeteigane kan vere stor. Bøndene har fått større areal å stelle. Maskinane har også blitt større. Hjørne og småteigar blir gjerne ståande att, og langt frå alle beiteareala blir nytta som før.

Resultata av gjengroing er mange.

Blant anna blir det mindre areal til matproduksjon, det biologiske mangfaldet blir redusert, og eit gjengrodd landskap er negativt for turistnæringa.

Samtidig ser vi dei siste 10-15 åra at bruken av nære utmarksareal, som lynghei, har auka.

Frå Obrestad i Hå.



Frå Elgane i Hå.



Opparbeiding av kulturbeite

Magnus Søyland på Søyland i Gjesdal driv to gardsbruk med til saman 320 mål dyrka jord og 1.200 mål kulturbeite. Søyland ivrar for å auka beitearealet i distrikta kraftig, og meiner det kan berga både norsk landbruk, kulturlandskapet og biologisk mangfald.

Bv

Odd Magne Nordmark

Landet vårt er i ferd med å gro til med busk og kratt. Einaste måten å stoppa tilgroinga på, er å auka kulturbeitearealet monaleg, meiner Magnus. Dette vil gi store agronomiske, miljømessige og økonomiske gevinstar, hevdar bonden som driv Søya Gard saman med kona Anne Karin. I tillegg til tradisjonell gardsdrift driv dei også gards- turisme med butikk, galleri, servering og hytteutleige.

Det er 100 år gammal tradisjon i familien for å rydda og gjødsla opp kulturbeite. – Eg kan takka både far, bestefar og oldefar min for at det var mykje kulturbeite på garden då eg tok over, fortel han.

Sjølv har han opparbeidd 400 – 500 mål kulturbeite på dei to gardsbruka han driv, i tillegg til dei 600 – 700 måla som var då han tok over garden. Dermed har han svært rikeleg med beiteareal til dei 60 mjølkekyrne med tilhøyrande ungdyr og 150 vinterfôra sauer. Så stort at han blir avkorta i tilskota, fordi han har større beiteareal bak

Med svak gjødsling etablerer kløveren seg av seg sjølv, og gir eit smakeleg og godt beite.



Alle kyrne kalvar ute, og kalvane går ute i to-tre månader med ammekyr, eller med sur mjølk i smokk frå fôringsautomat.

kvart dyr enn det som det maksimalt blir gitt tilskot til. Sjølv meiner han stort beiteareal berre er ein fordel. Då kan han gjødsla svakt, med nesten berre husdyrgjødsling, noko som gir mykje kvitkløver og låge gjødslingskostnader. Dessutan mindre smittepress for dyra.

Hønssegjødsling ved beiteetablering

Når Magnus skal laga kulturbeite byggjer han først traktorveg og ryddar så vekk tre og kratt. Bjørkeriset rotnar fort. Einerer hiv han i haugar, helst der det er stein og fjell, og brenner. Han smør Roundup på stuvon av større tre for at dei ikkje skal gro opp att.

Deretter gjødsler han med husdyrgjødsling, helst frå fjørfe, og godt innaffor normene av dei mengdene som er lovleg å bruka. Gjødsling frå fjørfe er suveren til etablering av nye kulturbeite. Då tar det berre to-tre år før kulturbeitet er etablert med gode grasartar, og kløveren kjem av seg sjølv etter kvart. Magnus har aldri sådd kløver.

Magnus har ikkje fjørfegjødsling sjølv, men får gjennom maskinringen.

Molboreglar

– Min måte å etablere kulturbeite på er ikkje i samsvar med regelverket, fortel Magnus. – Eg er pålagt å gjødsla med mineralgjødsling til eg får dei rette grastypene. Først då har eg lov til å

gjødsla med husdyrgjødsling. Med dette regelverket forstod eg kvifor molboane vart overflødige. Andre har teke over deira jobb, ytrar han.

Utmark mellom kulturbeita

Når Magnus har etablert kulturbeite med utmark mellom, som til dømes nede i dalen, og øvst i lia, forsyner dyra seg også av utmarka mellom desse kulturbeita, der det kanskje er for bratt og uført til å laga kulturbeite. På den måten held dei nede vegetasjonen også der det ikkje er kulturbeite. Dyra set stor pris på dette utmarksgraset som supplement til kulturbeitet.

Nytt kulturbeite bør etablerast gradvis. Dersom du ryddar store område på ein gong, er det vanskeleg å få nok beitetrykk, fordi det nyridda beitet i starten mest er som utmark. Og utan stort nok beitetrykk gror nyridda areal fort til att. Magnus synte eit område som var rydda for rundt 10 år sidan. Seinare var det ikkje gjort noko meir. Dette området såg verre ut i dag enn det gjorde før det vart rydda. – Eg vil påstå at landskapet er vakrere der eg og Vårherre arbeider saman, enn der Vårherre held på åleine, smiler Magnus.

Store areal kan bli kulturbeite

– Ryfylke og Dalane har store område



Flott, opne beitelandskap hos Magnus Søyland. Til glede både for folk og dyr, og fritt for flått.

som kan bli kulturbeite. Skal det skje, må Staten inn med midlar. Største hinder for etablering av kulturbeite i dag, er at dei som driv gard, går på arbeid og ikkje har tid til å rydda og vedlikehalda beitet. Heiltidsbønder har større rom for dette. Viss Staten betalte, kunne mange hatt muligheter til å bli heiltidsbønder, noko som ville gitt berre fordelar:

- Færre ville flytt til byen. Rydding av beite ville hatt veldig stor positiv verknad på turistnæringa, som er den tredje viktigaste eksportnæringa for landet nå, og kanskje den aller viktigaste på sikt. Folk kjem ikkje frå Japan for å sjå kratt! I dei 14 åra me har drive turisme, har me fått utruleg mange tilbakemeldingar på kor viktig dette er. Folk vil sjå både landskap og dyr. Spesielt opne landskap fører til at folk

kjem igjen og igjen. Me ville ikkje hatt så stort belegg på utleiehyttene våre utan beitelandskapet.

1 milliard i ryddetilskot – mange milliardar i turistinntekter

- Turistnæringa omset årleg for 100 milliardar kroner. Dersom Staten brukte éin milliard kroner årleg ekstra på rydding, og dette førte til ei dobling av omsetninga for turistnæringa, ville dette vore utruleg lønsamt.

- *Er ikkje dette å ta hardt i?*

- Potensialet for dobling finst, meiner eg. Viss 10.000 bønder arbeider 400 timar årleg med rydding, til 250 kroner timen, ville du fått mykje gjort, og gitt arbeid til folk, først og fremst i distrikta, der det er behov for arbeid. I tillegg gir dette spreieareal som kan utnyttast til etablering av kraftfôrkrevjande produksjon. Og denne kostnaden på ein milliard ville samfunnet fått mangedobbelt att i form av aukande turisme.

Fritt for flått

- Risikoen for flått er mykje mindre på kulturbeite enn i skogen. Eg har ikkje flått på dyra mine, eller på meg sjølv, kan Magnus fortelja. Dermed er turgæarar på hans eigedom lite utsette for flått.

Kastratar gode beitedyr

Ved å kastrera oksekalfvane kan også kjøtproduksjonen på okse i stor grad baserast på beite. Dessutan har kastratkjøtet betre smaks kvalitet fordi det er møyrare enn kjøt frå vanlege oksar. Magnus meiner kastratar burde vore politiske dyr på linje med sau.

- Dersom 15% av oksane blir kastrerte, blir det 30.000 kastratar på beite i to år, altså 60.000 kastratar kvar beitesommar. Det ville gitt rom for å nytta monaleg meir beite, men rett nok kravd litt større bygningskapasitet, fordi den daglege tilveksten er mindre, seier Magnus, og held fram med eit smil: – Eg argumenterte for kastratar på eit

Framhald side 13

Slik ser det ut 10 år etter rydding, der det ikkje har vore dyr til å halda vegetasjonen nede etter rydding.



Magnus Søyland ser rom for å auka beiteareala kraftig i Ryfylke og Dalane.



Vegar i beite

Magnus Søyland i Gjesdal meiner traktorveggar i kulturbeite er heilt nødvendige. Vegar treng ein både til anlegg og drift av beite, og er det første som bør lagast. Sjølv har han 9 ½ km veg i beita. 7 km av dette har han sjølv stått for bygginga av.

Bv

Odd Magne Nordmark

For å få husdyrgjødsel ut på beitet, er Magnus avhengig av ein veg å kjøra på. Med kanon på gjødselvogna, kastar han gjødsel 40-50 meter ut til sida og oppover skråningane.

Dyra nyttar vegane til å gå på. Dette sparer mykje trakk på beitet, særleg i og etter regnversperiodar. Magnus sjølv treng vegar for å komma seg raskt ut i beiteområda og ha tilsyn med dyra.

Også turgåarar har glede av traktorvegane. Magnus ser at det er desse som blir nytta av turgåarar på eigedommen. Det er sjeldan folk går utanom vegane. Her kan ein dessutan komma ut i naturen både med barnevogn og rullestol.

Vegane bør lagast slik at dei dominerer minst moglege i landskapet.

Her er gjødsel nede ved vatnet og på toppen. Dyra beiter også utmarka i midten.



Steinsett grøft med steinfylling oppå, tar unna mykje vatn.

Dette er avhengig av at ein har ein flink og erfaren maskinførar, som veit korleis han skal laga vegane.

– Har du noko oversyn over meterprisen på vegane du har bygd, Magnus?

– Nei, men prisen varierer veldig etter grunn- og terrengforhold. På ein vegstubb eg bygde, rekna eg ut at eg ville spara inn kostnaden på sju år, berre ved at eg sparte to storekcker mineralgjødsel i året. Eg brukte i staden husdyrgjødsel. Andre strekningar har vore relativt dyre å byggja.

– Kan du få offentleg tilskot til bygging av veg på beite?

– Det kan du ikkje rekna med.

– Men dersom du merkar vegen med "tursti", og legg til rette for at folk kan

ferdast her, så finst det i Rogaland ei ordning med utbetaling av fleire kroner meteren i årleg tilskot frå regionale kulturlandskapsmidlar?

– Ja, viss du får traktorvegen godkjent som tursti. Det kan vera ein måte til delvis finansiering av vegen på. Me har ikkje søkt på denne ordninga, men me har mykje ferdsel av folk på eigedommen vår, utan å sjå særlege negative konsekvensar av det.

Også gardsturistane bruker vegane

– Me har også ferdsel av eigne turistar. Turisme er eit av satsingsområda våre. Me har bygd fire hytter på garden som me leiger ut. Turistane kjem att år etter år. Dei er tydelege på at det er det opne beitelandskapet på garden vår som dreg. Utan dette ville me hatt mindre belegg på hyttene.

Lite gjødsel = mykje kløver

Magnus er varsam med tildeling av gjødsel. Husdyrgjødsel om våren, og overgjødsling med eit par kg N i mineralgjødsel, i form av kalk- eller kalkammonsalpeter for året. Med slik svak gjødsling, kjem det fort kvitkløver i beitet, som forsyner seg sjølv med N frå lufta.

– 30 % kløver i beitet hentar ned 8-9 kg N frå lufta. Det sparer meg for store gjødselutgifter, anslagsvis 100.000 kroner i sparte utgifter til kalksalpeter, og spreingsarbeidet. Og dyra likar kløveren godt, fortel Magnus. Han gjødselar aldri med mineralgjødsel før etter





Det er gode vegar i beita hjå Magnus Søyland.

sankthans, og då berre med eit par kg per dekar.

– Dersom eg berre hadde halvparten så stort beiteareal som eg har, måtte eg kanskje fleirdobla gjødslinga for å få nok beite. Då ville det blitt lite kløver, som ville forsterka behovet for N-gjødsel ytterlegare. Far min kjørte på 50 kg fullgjødsel på målet på ein gong om våren. Då eg tok over, kjørte eg 10 kg om gongen fordelt på fire gonger utover i sesongen. Då begynte kløveren å komma. Seinare har eg auka meir og meir på med husdyrgjødsel. Eg kjører så tidleg som råd er om våren. Helst i slutten av mars, dersom vegane er kjørbare. Opparbeidde vegar er ein

føresetnad for å gjera det på denne måten, held Magnus fram.

– Kunne Fullgjødsel gjort same nytten?

– Ja, men den ville forsura meir, slik at eg måtte kalka for å nøytralisera. Eg ville heller ikkje komme til overalt. Med kanon på gjødselvogna kan eg spreia 40 -50 meter utover og oppover bratte skråningar. Det går ikkje med kunstgjødselspreiar. Dessutan blir det langt dyrare. For meg er dessutan Helgjødsel eit betre alternativ enn Fullgjødsel, fordi gjødselverknaden blir fordelt over lengre tid, gjødsla er produsert lokalt og frigjer spreieareal.

Ammekyr: Her går 12 kyr ute med over 30 kalvar.



Opparbeiding av kulturbeite

Framhald frå side 11

bondelagsmøte, og blei då spurd om eg ikkje syntest det var fælt å ta mannen fra oksane. Eg svarte nei, det syntest eg ikkje. For kunne eg vald sjølv, ville eg heller vore kastret og fått gått ute i lag med damene, enn å stå inne i ein garde med berre mannfolk.

Spela på alliansepartnarar

Utan beitedyr gror beita att, og då forsvinn solblomen og klokkesøte frå Gjesdal. Dette er argument som folk i byråkratiet forstår, og som kan gjera desse til alliansepartnarar, sjølv om dei i utgangspunktet er negative til kultivering av utmark, meiner Magnus. – Også gjødsling kan føra til at artar døyr ut, men når du gjødslar der du kjem til, held også beitedyra landskapet ope i utmarka rundt, noko som kan gi livsvilkår for raudlista utryddings-truga artar som krev opne landskap, og derfor gjera styresmaktene meir velvillig innstilt. I mitt tilfelle gjeld dette raud honningvokssopp. Viss du får forvaltingsorgana engasjerte her, har du nyttige alliansepartnarar, seier Magnus og legg til at bøndene bør bli flinkare til å spela på dette. – Det kan vera det som skal til for at du får tilskot til utmarksbeite på arealet, uttaler denne ivrige forkjemparen for opne beitelandskap.

Han har sjølv forfatta eit hefte om dette, handskrive og med mange flotte bilde frå eige beitelandskap.

Kulturbeite

Utnytt potensialet

Rett beitetrykk og rett fordelt gjødsling gjennom heile beitesesongen er grunnlaget for gode avlingar på kulturbeite. Då må sjølvsagt god drenering og kalktilstand, og effektiv ugraskamp, liggja i botn. Det er mange som ikkje utnyttar potensialet i kulturbeita godt nok.

Bv

Dag Raustein

Jostein Eiane på Sokn i Rennesøy driv saman med resten av familien nær 400 mål kulturbeite – i tillegg til like mykje dyrka jord. Over halvta av arealet er leigd. Rundt 30 mjølkekyr og 350 vinterføra sauer omset grasen til mjølk og kjøt.

Jostein tok hovudoppgåve innan beite då han studerte ved Norges Landbrukshøgskule. Sentralt i denne hovudoppgåva stod registrering av avlingspotensialet i kulturbeite. Etter at han og familien overtok heimegarden hans i 2004, har han fått praktisera det han kan om beite. Vi besøkte garden saman med tidlegare fylkesagronom i planteavl og beitebruk, og fylkeslandbruks-sjef i Rogaland, Einar K. Time, for å få kunnskap om korleis kulturbeite skal driftast. Jostein fortel at Einar K. Time var hans viktigaste læremeister då han arbeidde med hovudoppgåva.



Einar K. Time, til v. og Jostein Eiane konstaterer at det er ein allsidig og god grasflora i dette kulturbeitet, med godt innslag av fleirårig raigras.

Stort avlingspotensiale

Grunnlaget for hovudoppgåva var registrering på fire gardar, to i Rennesøy og to i Sandnes. Vi skal her ikkje gå nærare inn på registreringane, men bare trekkja fram nokre av konklusjonane. Beite med innslag av fleirårig raigras gav høgare avling enn beite utan dette grasslaget. Raigraset finn ein mest av opp til 200 m over havet.

Registreringane blei utførte ved å slå grasen fire gonger gjennom sesongen, og ikkje ved beiting. Ved å slå får ein høgare avling enn det dyra tek opp ved kontinuerleg beiting. Einar K.

Time fortel at ein ut frå gamle forsøk kan rekna med at det dyra tek opp ved kontinuerleg beiting, ligg på 50 – 70 % av det ein måler ved å hausta ved slått.

På dei beste felte blei det registrert avlingar på over 800 FEm pr. mål netto beiteareal. Det gir eit potensiale ved beiting på over 500 FEm pr. mål nettoareal. Kor mange bønder greier å utnytt dette potensialet? Jostein Eiane er ein av dei som gjer det han kan for å greia det, og vi let han forklara oss dei viktigaste prinsippa han arbeider etter når det gjeld beitebruken.

God jord- og plantekultur

- Mykje av beita er småkuperte, og med fjell i dagen på store delar. Der gir plasseringa av grøftene i dei lågaste søkka seg sjølv. Vi har elles prøvd å utnytt grøftevatnet slik at det blir samla opp i utløpet av grøftene og brukt som drikkevatt til dyra. Det lettast arbeidet med vassforsyning til dyra, forklarar Jostein, som legg til at det er viktig å få bort vatnet for å redusera trakkskader

Svært fine og ugrasfrie kulturbeite som er haldne godt nede gjennom beitesesongen. Her er vi sist i juli.





Sambeiting mellom storfe og sau har mange fordelar. Det gir høve til å regulera beitetrykket og dyreslaga et ulike delar av beitegraset.

og for å halda leverikten borte. Einar K. Time understrekar gamal lærdom: - Kulturbeita skal vera like godt drenerte som dyrka jord.

Ugraskampen er viktig. Også her gjeld det å gjera dei rette tinga. Om vi tek føre oss fire av dei viktigaste ugrasa, så seier Jostein det slik: - Høy-mola og landøyda tek sauene seg av og eg tenkjer ikkje på dei. Tistelen må takast alvorleg. Det er myrtistel som dominerer her. Mi erfaring er at etter effektiv kamp i 10 år, med punktsprøytning og stikking, er det lite att. Der det blir sambeita, blir gjerne myrtistel og brennesle brysame, men er under kontroll. Også hjå oss registrerer vi at lyssiv/knappsiv er på frammarsj, men med å sprøyta før det får overtaket, er sivet relativt lett å halda i sjakk.

Vi registrerer at beita ser sær fine ut med omsyn til drenering og ugras.

- Eg tek jordprøver med visse mellomrom, og kalkar når pH kjem ned mot 5,5. Eg prøver å halda pH på 6 – 7 og brukar skjelsand som kalkingsmiddel, seier han om den saka.

Drift av beite tilpassa areal og dyr

- Det er klart at det blir forskjell på drift av kulturbeite til sau om ein sender sauene til heiebeite, eller om dei går heime heile sommaren. Fordelinga mellom kulturbeite og dyrka jord avgjer korleis ein driftar kulturbeita, og kor mykje ein må beita på dyrka jord. Dyreslaga som beitar, spelar også inn i høve til korleis ein skal drifta beita for

å få mest mogleg utav dei, innleier Jostein om korleis han sjølv praktiserer beitebruken.

- Vi har funne at kontinuerleg beiting på kulturbeita passar best for sauene. Stripe- eller skiftebeiting passar betre der det er sambeiting med storfe, eller storfe aleine, fortel han.

- Vi bruker husdyrgjødsel på beita om våren. Denne må ut så tidleg som mogleg. Husdyrgjødsel har lang verknadstid og gir god vekst. Gjødsling med mineralgjødsel gjennom sesongen blir fordelt på tre til fire gonger. Ved gjødslinga i mai bør normalt N-gjødslinga ikkje vera for sterk, for då er veksten god nok likevel. Til vanleg bruker eg NK-gjødsel første gongen etter husdyrgjødsel, men av og til ei NPK-gjødsel i staden. Resten av sesongen nyttar eg rein N-gjødsel. Tal gjødslingar og gjødselmengder blir tilpassa noko til avlingsnivået den aktuelle sesongen, men normalt ligg vi nok på ei samla N-gjødsling på 20 – 25 kg for heile sesongen, husdyrgjødsel inkludert, seier han vidare.

Viktig i mai/juni

- Vi slepper sauene på beite så tidleg som råd er. Til vanleg blir det i førstninga av april. Sauene lammar inne, og blir først sleppte ut etter lamming, forklarar Jostein.

- I mai/juni er beiteveksten på topp. Om ikkje beitetrykket er høgt nok til å halda beita godt nede til ei kvar tid då, og graset blir for langt, øydelegg ein for

heile resten av sesongen. Eller sagt med andre ord: Det må vera nok dyr heile tida. Her hjå oss løyser vi det med å sleppa inn storfe på kulturbeita mai/juni, for så å ta dei bort derfrå når sauene seinare greier å halda beita nede. Då blir det eit samspel mellom bruken av kulturbeita og bruk av dyrka jord som beite. Dei som sender sauene på heiebeite, må finna løysingar som gjer at kulturbeita blir haldne nede i heiebeitesesongen, anten med storfe, eller ved å halda att nok sauer heime, understrekar han.

- Eg regulerer beitetrykket ut frå grashøgda til ei kvar tid. Når eg nyttar storfe, nyttar eg den gamle omrekningsfaktoren på eitt storfe = 10 sauer/lam, fortel han.

- I utgangspunktet har vi alle sauene på kulturbeite, og så nyttar vi storfe til å ta toppane i tilveksten av beita. Storfe er effektive når graset nærmar seg å bli for langt til at sauene beiter det ned. Dersom ein vil nytta stripe- eller skiftebeite, er sambeiting effektivt, mellom anna ved at storfeet tek det lengste graset. Sauen er effektiv til å beita graset rundt kurukene, gras storfeet ikkje tek, avsluttar Jostein Eiane.

Ein skal ikkje ha reist så mykje her på Sørvestlandet for å sjå at det er mange som har svært mykje å henta i betre utnytting av kulturbeita sine. For mange ligg kanskje det største potensialet i betring av gardsdrifta akkurat her.

Beite – biologisk mangfald – næringsutvikling

Landskapet vi ser rundt oss utanfor byar og tettstader er i stor grad eit resultat av landbruksdrift og aktivitet knytt til landbruk. I dette landskapet ser vi bygningar, kulturminne, dyrka jord og i Rogaland ikkje minst beiteareal.

Synnøve Hognestad og
Geir Skadberg
Fylkesmannen i Rogaland

Bruk av beiteareala har endra seg med tida. Statistikk viser at innmarksarealet har auka vesentleg dei siste tiåra, og aukar stadig. Samtidig ser det ut til å vere ein tendens til at delar av utmarksbeita vert nytta i mindre grad enn tidlegare.

Beiteareal er leveområde for fleire sjeldne planter

Mange planter er knytte til beitelandskapet. Mange av desse plantartane treng mykje lys, og vert raskt utkonkurrerte dersom areal ikkje lenger blir brukt, og gror att. Andre artar toler liten endring i næringsbalansen, og forsvinn dersom arealet vert for sterkt gjødsla. Nasjonale overslag syner at rundt ein tredel av artane som er karakteriserte som sjeldne eller trua (jf. den nasjonale raudlista), er knytte til jordbrukets kulturlandskap. I tillegg

lever eit stort mangfald av insekt og andre virvellause dyr i jordbrukslandskapet. Ein stor del av dei artene som er trua, finst i gamle beiteområde (slåtemark, lyng og liknande). Mange artar er også knytte til våtmarksområde.

Figuren under viser kor stor del av raudlisteartane som er knytte til ulike naturtypar. Naturbeitemark og kystlynghei er typiske naturtypar knytte til landbruket sitt kulturlandskap, og er levestad for til saman rundt 30 % av artane på raudlista.


Utvalde kulturlandskap i jordbruket

Gjennom jordbruksavtalen vert det kvart år avsett midlar som skal bidra til at bonden kan leggje opp drifta si på ein slik måte at viktige miljøverdier vert tatt vare på. Det kan gis tilskot til å ta vare på både bygningar, kulturminne og areal med store biologiske kvalitetar. Mange nye beiteområde, særleg lyngheiområde i Rogaland, har vorte tatt i bruk med hjelp av tilskot frå desse ordningane.

For å synleggjere den miljøaktiviteten som blir lagt ned, og for å bidra til at områda med størst biologisk og kulturhistorisk verdi vert tekne vare på, vart det i 2008 avgjort at det skulle plukkast ut rundt 20 utvalde kulturlandskap i Noreg. Desse områda skal fungere som utstillingsvindaug for allmenta. Områda skal ikkje framstå som museum, men vise korleis det å ta vare på kulturhistorie og biologiske verdiar kan sameinast med aktiv landbruksdrift. Kommunane der desse områda ligg, vert saman med grunneigarane oppmuntra til å sjå områda i samheng med reiseliv, lokalsamfunnsutvikling og næringsutvikling. Prosjektet er støtta av både Landbruksdepartementet og Miljøverndepartementet.

I Rogaland er dei store lyngheiområda på Rennesøy, Hodne – Vikevåg, Helland – Bø og Førsvoll plukka ut til å vere med i utvalet. På sikt kan det verte aktuelt å utvide tal utvalde område til rundt 50.

Tal sjeldne og truede arter i Rogaland, etter naturtype





Lyghei på platået inne på Rennesøy (Foto: Arne Jostein Lyshol).

Kystlyngheiområda på Rennesøy

Kystlyngheiområda på Rennesøy er svært varierte med lynghei på platået, og tørrbakkar, enger og lauvtrelundar i den varme sørvesthellinga. Området har eit spesielt stort innhald av trua artar og andre sjeldne artar. Totalt er det registrert over 480 planteartar i området. Fem plantar veks ingen andre stader i Noreg.

Det store artsmangfaldet skuldast mellom anna at Rennesøy har både svært milde vintrar og rimeleg varme somrar. Dette gir gode vekstvilkår for ulike planteartar. Det opne beitelandskapet er dessutan av dei eldste i landet, med ei samanhengande brukshistorie på opp mot 6000 år.

Innanfor området finn ein vidare mange ulike kulturminne. Det som er lettast å få auge på, er alle dei karakteristiske piggsteingjerda. Elles finn ein spor etter gamle ferdseisårer, nausttufter og torvhus m.m. Gardsanlegget Førsvoll med fleire gamle og karakteristiske bygningar ligg også innafør området. Dei eldste bygningane frå midten av 1800-talet er bygde opp av tørrmur.

Dei utvalde kystlyngheiområda ligg elles lett tilgjengelege, og Rennesøy kommune har saman med Stavanger Turistforening merka fleire turløyper i området.

Dei siste par åra har fleire av grunneigarane i området vist stor interesse for å ta vare på landskapet og bygningane. Store delar av lyngheiane blir

no brukte som ugjødsla beiteområde, men det er fleire stader eit press for å gjødsla dei opp. Fleire kulturminne er restaurerte eller rydda fram i lyset. Bruk og vedlikehald av landskapet er ein viktig føresetnad for at kvalitetane i området ikkje går tapte.

Til saman 16 grunneigarar har heile eller delar av eigeiendomen sin innanfor det utvalde området. Så og seia alle driv aktivt landbruk, stort sett med sau, men også med ku og gris. Lyngheiområdet blir brukt som beiteområde for sau og kjøttfe.

Næringsutvikling

Rogaland er eit variert fylke – både folk og landskap seier noko om kor vi er. I sum representerer mangfaldet potensial innan næringsutvikling. God utnytting av fortrinna bør gi landbruket konkurransekraft gjennom medviten bruk av ressursgrunnlaget. Beita og kulturlandskapa i Rogaland pregar heile Rogaland. Dei er avgjerande viktige for landbruket. Så skal vi også vere merksame på andre verdiar knytte til landbruket sitt kulturlandskap, som identitet, historie, reiseliv, oppleving – og ikkje minst kva desse omgivnadane betyr for folkehelsa. Eit aktivt landbruk i heile fylket er den beste garantien for god beitedrift og opne kulturlandskap.

Bygdeutviklingsmidlane til utgreiing og tilrettelegging er midlar som skal nyttast til satsingar og prosjekt som legg grunnlag for ny næringsverksemd eller som gir eksisterande

produksjonar styrkt konkurransekraft. BU-midlane skal legge til rette for langsiktig og lønsam verdiskaping, med utgangspunkt i landbruket sine ressursar generelt og landbrukseigedommen spesielt. Satsingar basert på samspel mellom fleire aktørar har prioritet på desse midlane.

Regionalt utviklingsprogram (RUP) er Rogaland fylkeskommune sitt handlingsprogram innan regional utvikling. Både Innovasjon Norge og fylkesmannen går inn med BU-midlar til prosjekt i RUP. RUP er ei viktig adresse for landbruksbaserte næringsutviklingsprosjekt (les meir om RUP under www.rogfk.no).

La oss sjå på eit par relevante døme; I 2008 tok Dalanerådet initiativ til utsiktsrydding av prioriterte vegstreknningar i regionen. Satsinga er i samarbeid med fagлага, kommunane, Statens vegvesen og reiselivsnæringa. Tiltaket gjer samla sett Dalane til eit endå betre reiselivsprodukt, noko som ikkje minst bør koma landbruket til gode. Det blei i 2008 gitt kr 150.000 i BU-støtte til dette prosjektet. Same året tok kommunane på Haugalandet, saman med fagлага, reiselivsnæringa og Statens vegvesen, initiativ til satsinga Sjå Haugalandet! Ei satsing som har som mål å etablere samarbeidsstrukturar for utvikling og skjøtsel av kulturlandskapa og gi auka verdiskaping med utgangspunkt i landskapa. Tiltaket har totalt fått kr 350.000 i BU-støtte for 2008 og 2009.

Kulturlandskap i særklasse

- Dei utvalde kulturlandskapa på Rennesøy er valde ut på grunn av dei totale verdiane som ligg der. Det gjeld naturrikdommen, med variert berggrunn og eit sær sars allsidig planteliv. Det gjeld også godt forvalta, vakkert kulturlandskap, med svært mange kulturminne.

Bv

Dag Raustein

Det er rådgjevar Magne H. Jørgensen i Rennesøy kommune som uttrykkjer det slik. Han har vore svært sentral i arbeidet gjennom mange år med å koma dit ein er i dag. Han har medverka sterkt i å forhandla fram avtalar med 14 grunneigarar og eit beitelag om forvaltning av dei tre delområda Heland – Bø, Dale – Hodne og Austbø – Førsvoll. Nyleg fekk han ei utmerking frå Norsk Kulturarv for dette store arbeidet. Bondevennen møtte han og landbruks- og miljørådgjevar i Rennesøy, Nono Dimby, for å få ei orientering om dei spesielle kulturlandskapa. Også Nono har vore sterkt engasjert i arbeidet den siste tida.

Summen av alt det bøndene har gjort

- Kulturlandskapet er i stor grad eit resultat av summen av det bøndene har

Dvergmarikåpe, Rennesøy si plante, veks knapt andre stader i landet enn Rennesøy (Foto: Nono Dimby).



Området ned mot sjøen her på Bø er klassifisert som spesielt viktig område. Det skal ryddast for einer, og det skal ikkje gjødslast. Så blir det ei viktig oppgåve å følgja med på utviklinga for eventuelt å justera på skjøtseltataka.

gjort og gjer. Sett bakover i tid, har dei ikkje pressa utnyttinga av desse områda til det maksimale. Framover er vi avhengige av deira velvilje for å få ei vellukka forvaltning av landskapet, understrekar Nono Dimby.

Også Magne H. Jørgensen gir sterkt ros til bøndene. Det er laga skjøtselplanar med tilhøyrande avtalar for kvar gard, ikkje bare for jorda og drifta av denne, men også for ulike kulturminne som til dømes dei spesielle piggsteingjerda som skal haldast vedlike. Avtalane gjeld for 10 år.

Det er ein unik rikdom av plante-

artar i dei tre områda. I området Dale – Hodne er det registrert rundt 480 ulike planter, som er heilt på topp i landet. Mellom anna finn ein fem artar som bare veks her i Norge. Ei av dei, dvergmarikåpe, er av Miljøvernministeren tildelt Rennesøy som kommunen si plante. Artsrikdommen skuldast nok både variasjonar i fjellgrunn, frå næringsrik fyllitt til næringsfattig grunnfjell, klimaet og kanskje også nærleiken til Utstein Kloster og handelsverksemd. Ulike frø kan ha følgd ballastjorda, fortel Magne.

- Skjøtselen går på å regulera gjødslinga slik at ein ikkje påverkar den botaniske samansetninga på areala i negativ lei, dvs. redusert mangfald. På andre sida ynskjer ein ikkje ei sterk ekstensivering av drifta. Då vil kulturlandskapet gro att. Dei store lyngheiane skal til dømes skjøttast ved rydding av einer og tre, ved tilpassa beiting og ved brenning av lyngen med visse års mellomrom, forklarar han.

- Det er svært viktig å ta omsyn til dynamikken i utviklinga, korleis dei enkelte tiltaka og bruksmåtane påverkar og endrar. Derfor vil vi kontinuerleg følgja med på utviklinga i områda, slik at vi om nødvendig kan justera på





Magne H. Jørgensen, til v. og Nono Dimby har sentrale oppgaver i forvaltninga av dei utvalde kulturlandskapsområda på Rennesøy. Her i Bø-Helland-området.

drift og forvaltning av areala, utfyller Nono.

Aktiv bruk

Når areala er utvalde som spesielt viktige kulturlandskap, skal altså bøndene ha mykje av æra for dette. Areala skal også drivast framover, og det er viktig – i samarbeid med eigarane – at areala blir drivne på ein måte som held på den spesielle statusen, seier han vidare.

- Totalt er det inngått avtalar for rundt 6.800 mål i dei tre områda til saman, noko vi ynskjer å auka opp til 8 – 9000 mål. Verdiane i landskapet er godt dokumenterte i ein rapport utarbeidd i 1998 av Knut Henrik Dagstad saman med ei breitt samansett, lokal gruppe. Areala innan dei tre områda er fordelte med 62 % lyng, 28 % beite av ulike typar og med ulik gjødslingsintensitet, 6 % fulldyrka jord som skal kunna drivast på vanleg måte og 4 % svært viktig areal som ikkje skal gjødslast, fortel Magne.

- I eit samarbeid mellom kommunen og turistforeininga er det lagt opp eit omfattande løypenett for fotturistar. Her ligg det også visse konflikhtar ved at bruken kan bli intensiv. I periodar med mykje nedbør kan trafikken

spreia seg i heia på grunn av opptrakka og våte stiar. Då må det opparbeidast stiar, og det er ikkje alltid ynskjeleg. Men det løyser seg, held han fram.

- Areala i Rennesøy er under press. Kommunen er i fleire år nå kåra som den beste kommunen i heile landet å bu i. Det er viktig for rennesøybuen å få augo opp for kva verdiar han og ho har, å sjå kva verdiar vi har å ta vare på. Eg trur at tilrettelegging av ferdsel i områda vil verka positivt også i høve til jordvernet, seier Nono Dimby.

Godtgjersle

- Ein del av dei avtalte skjøtselstiltaka

gjer at bøndene ikkje får nytta areala intensivt. Dei får sjølvsagt årleg kompensasjon for dette. Denne varierer frå 20 til 400 kroner pr. mål beite. Høgaste sats blir gitt der det er svært viktig å ta vare på truga artar og artsmangfaldet, og beita ikkje kan gjødslast i det heile, seier Magne H. Jørgensen.

- I sum for heile området er det for 2010 avtalt ei arealgodtgjersle på kr 418 000, alt av spesielle tilskotsmidlar. I tillegg kan det søkjast om pengar til spesielle tiltak som skal ta i vare intensjonane i forvaltninga, og det kan tildelast SMIL-midlar på vanleg måte, avsluttar han.

Lynghei er dominerande landskapstype. For at lyngen skal veksa og framleis dominera, må det brennast. Her frå lyngbrenning på Hodne (Foto: Nono Dimby).



Kulturlandskap og merkevare



- Røsslyngen beitelag var skipa før areala her var komne inn under spesielt utvalde kulturlandskapsområde. Men det blei lettare å gjennomføra planane våre, og å byggja ei merkevare, etter at området blei eitt av dei utvalde områda.

Bv

Dag Raustein

Det er Guttorm Gudmestad og Ove Heggland som seier dette. Saman med Knut G. Gangenes gjekk dei i 2005 saman og skipa Røsslyngen beitelag. Då hadde dei gått svangre med idéen sidan tidleg på 1990-talet. Vi er på Hodne i Rennesøy saman med rådgjevar Magne H. Jørgensen i Rennesøy kommune.

Inngjerding av 1 300 mål

- På 1990-talet tenkte og prøvde vi, og vi var i kontakt med konsulent, for å sjå på korleis vi kunne utnytta dei store beite-/lyngheiområda betre. For å halda nede gjerdekostnadene såg vi at det var nødvendig å samarbeida. Då vi i 2005 skipa beitelaget, var arbeidet med det utvalde kulturlandskapsområdet på Dale-Hodne godt i gang, og vi fekk SMIL-midlar til 2,5 km yttergjerde for å gjerda inne dei 1 300 måla, fortel Guttorm.

- Det var rapporten frå Knut Henrik Dagestad og arbeidsgruppa hans som hadde registrert dette som eit interes-

sant kulturlandskapsområde – kystlynghei. Alt frå starten til Røsslyngen beitelag låg det ein skjøtselsplan til grunn for utvikling av området. Der var det mellom anna tilrådd å beita med villsau og Aberdeen Angus, eller ein annan lett storferase, legg Magne H. Jørgensen til.

- Guttorm og eg er grunneigarar i dette området. I tillegg leiger vi jord frå seks andre grunneigarar, slik at det til saman er åtte eigarar innafor dei 1 300 måla, forklarar Ove. – Vi gjekk for villsau og Angus. Frå starten av prioriterte vi å brenna lyng, einer og kratt, og å rydda, for mykje av lyngheia var overgrodd. Samstundes måtte vi ala opp nok dyr til å beita heile området, og først for to år sidan hadde vi det første kjøtet for sal, held han fram.

Mest munn til munn

- Målet er å selja alt kjøtet frå Røsslyngen beitelag direkte til forbrukar, for skal dette løna seg, må vi ta ut høgast moglege prisar på kjøtet. Vi har prøvd annonsar i aviser utan å få nokon respons. Vi marknadsfører oss elles på heimesida til Angus Gardskjøtt. Det aller meste av salet skjer likevel "munn

til munn". Anten er det kundar som har kjøpt før, eller folk vi tek direkte kontakt med, eller så er det nokon som kjenner nokon som har kjøpt, forklarar Ove, som vi forstår er "sals- og marknadsansvarleg". Dei har nå kring 150 kundar.

- Kvalitet på det vi leverer, er heilt avgjerande. Og så må vi ha varer når folk vil ha dei. Det betyr at vi er meir opptekne av kvalitet enn vekt, og vi er meir opptekne av å slakta gjennom året enn av vekt. Aberdeen Angus slaktar vi på ei gjennomsnittleg vekt på rundt 200 kg. Kjøtet blir pakka i kartongar med rundt 20 kg i kvar, og slik at det er tilnærma same fordelinga av ulike stykningsdelar og kjøtdeig i kvar kartong, seier Guttorm, og legg til at dei meiner 25 – 26 storfeslakt i året vil vera det rette ut frå tilgjengeleg beite.

All slakting, foredling og omsetnad skjer gjennom godkjende ledd. Nortura tek seg av slakting og pakking, og dei har sjølv godkjenning for distribusjon innafor ei viss tidsramme.

Elles er dei opptekne av full utnytting av alle dyra. Utrangerte kyr har ikkje så høg verdi. Ove spekulerte på dette og kom opp med idéen om å foredla dette kjøttet vidare. Eit kuslakt blei køyrt til Svindland i Flekkefjord og kom i retur som "biffsalami" med ulike kryddarvariantar. Vi fekk smake denne, og kan gå god for smaken – og salet har gått bra.

Kvalitet også på villsau

- Villsau blir normalt betalt heller dårleg. Vi måtte finna på noko som gav meirverdi. I starten selde vi mange dyr til liv, men den marknaden er i ferd med å mettast. Når det gjeld lam til slakt, har vi vore heilt konsekvente på kvalitet, og fôrar til lamma er store nok. Det har gjort at mange lam står over vinteren og blir slakta neste sommar, før den ordinære slaktesesongen. Og villsauen må også ha stell. Vi er

Villsau og Aberdeen Angus i sambeite.





"Biffsalami" med ulike krydder.

nøye med snyltarkurar og klypping. Av dei siste 100 lamma vi har selt, er rundt 30 slakta på vanleg vis, medan 70 er hallal-slakta. Dei som kjøper hallal, vil gjerne ha lite feitt, men dei er svært prisbevisste, fortel Guttorm.

Dei tek skinna i retur, både frå Aberdeen Angus og frå villsau, og sel dei direkte. Vi får vita at dei nå har planar om å nytta villsauen til tørking og sal av heile dyra som "pinnekjøtt". Dei arbeider også med planar om eit kjølelager og ei uteløe, og søker Innovasjon Norge om støtte til dette. Uteløa skal vera fôringsplass om vinteren, for elles blir slitassen på beita for stor der dei fôrar.

Prisar

På vårt spørsmål om prisar svarer Ove:

- Vi tek 120 kroner kiloen for Aberdeen Angus, og 70 kroner kiloen for villsau. Tørka villsaukjøtt reknar vi med at vi skal kunna få opp mot 300 kroner kiloen for. Eit skinn frå Aberdeen Angus går normalt for 3 500 kroner.

Pleie av kulturlandskapet

Drifta og bygginga av varemerket Røsslyngen heng nøye saman med det utvalde kulturlandskapet. Kva er så status i høve til dette området?

Det meste av arealet er lynghei, og dei brann rundt halvparten for få år sidan, men resten må brennast raskast mogleg, for det er for mykje attgroing og lyngen er av dårleg kvalitet. Utfordringa er å kunna brenna trygt, men dei har planane klare.

- Innafor dei 1 300 måla ligg det kulturbeite i to av hjørna. Dette blir gjødsla, men svakt. Det vi ser, er at dyra trekkjer mellom dei to kulturbeita og beiter lyngen bra på det strekket. Resten av lyngheia blir svakare beitt.



Ove Heggland, til v. og Guttorm Gudmestad på kulturbeitet i eine hjørnet av Røsslyngen beitelag sitt område. Lyngheia til høgra bak dei er brunnen for få år sidan, til venstre skal det brennast så snart som råd er. Ei av utfordringane er å skjjerma barskogen når dei brenn.

Vi må nå sjå på om det er mogleg å få gjødsla opp litt beite også andre stader slik at dyra kan trekkja meir over det heile, seier Guttorm. Magne H. Jørgensen forstår, men han understrekar at det ikkje er aktuelt å gjødsla opp lynghei i det heile. Då må ein heller sjå spørsmålet i ein større samanheng, på gjødsla areal som i dag ligg utanfor beitelaget sitt areal.

Elles blir det ein viktig del av evalueringa framover å sjå på forholdet mellom storfe og sau, korleis ein best får utnytta samspelet mellom dyreslaga i skjøtsel og utnytting av beita, og kor-

leis ein kan optimalisera økonomien ved eventuell regulering av talet på dei to dyreslaga. Det samla beitetrykket er også ei viktig sak, for det er like viktig å ha mange nok dyr som at beitetrykket ikkje skal bli for stort.

Vi dreg derifrå med eit klart inntrykk av optimisme hjå bøndene vi møtte, og at aktivt landbruk og det å ta i vare eit spesielt kulturlandskap er éi og same sak.

Ein betydeleg del av gjerdet rundt Røsslyngen beitelag sitt område på 1 300 dekar er piggsteingjerde. Ved restaurering av gjerda var det ein føresetnad at piggsteinen skulle nyttast.



Viktige lyngheiar på Haugalandet

Haugaland Landbruksrådgjeving og Naturvernforbundet i Rogaland arrangerte lyngdag i lyngheiane på Ognøy og i Borgenvik i Bokn kommune sommaren 2010, der ein besøkte to gardsbruk som har beiting og brenning av lyng i driftsopplegget sitt. Dette er gardsbruk der Fylkesmannen i Rogaland har klassifisert lyngheiane på eigedommane som svært viktige.



Pleier lyngheia med beiting og brenning

Erik Eikje driv garden på Ognøy i Bokn kommune med sau, ammeku og gris. Lyngbeite utgjer ein del av føret til både sau og storfe, og Erik brenner lyngen når det trengst.

Bv

Odd Magne Nordmark

Far til Erik kjøpte garden på Ognøy til sauebeite i 1960. Han sleppte også kalvar her, men dei vart fulle av hantikk (flått), fortel Erik. Så starta krigen mot einer, og seinare begynte han og faren å interessera seg for lyng.

Vegen kom i 1992, og Erik med familie flytte til øya i 1995, og har bygd opp garden med gris, sau og ammeku. Han har nå 230 sauer, 20 ammekyr, som beiter heile øya på 2.500 mål, minus 190 mål dyrka areal, og han har full kon-



Her har det vore for lite beitetrykk, og i løpet av 15 år har det blitt uframkommeleg både for folk og dyr.

sesjon av slaktegris. Beitedyra går på store område med lyng, og Erik brenner lyng som ein del av skjøtsla. Her på nordsida av Boknafjorden er ikkje berre røsslyng og klokkelyng, men også purpurlyng, som syner godt att med sin kraftige farge. Som beiteplanter er alle tre lyngartane, røsslyng, klokkelyng og purpurlyng, nokså likeverdige.

Purpurlyngen er vakker. Denne veks i Rogaland berre nord for Boknafjorden.

Brenning helst kvart 10. - 15. år

Han brende eitt område i vinter, Erik. Her står grove svidde stilker av lyng, som vil forsvinna etter få år, grasnet har etablert seg godt og ny lyng er synleg. Her vil Erik la dyra beita grasnet i vinter, noko som gir betre vilkår for etablering av ny lyng. På eit anna område som han brende for ni år sidan, er det nå godt lyngbeite. Eit område som var brent for 15 år sidan står for tur. Her er lyngen stor og grov.

– Ideelt sett bør ein brenna kvart





Erik Eikje seier lyng kan dekke fjerdeparten av vedlikehaldsbehovet til sauene. Til ammekyr er lyng ideelt som strukturfôr.



Her held dyra lyngen nede utan brenning.

10. – 15. år. Problemet er å finna dagar med dei rette vêr- og vindforholda til å brenna på. Vårherre bestemmer når eg kan brenna, seier Erik. Ein tørrfrostperiode i februar-mars er ei god tid. Brannvesenet har sagt seg villige til å vera med på brenninga.

Etter brenning kjem det godt med lys ned til bakken. Det gir god grasvekst, og gras som dominerer dei første åra. Her blir godt beite før ny lyng veks til og med åra fortrengrer graset.

– Ved å beita hardt, kan dyra halda lyngen nede, slik at eg slepp å svi, seier Erik. Men han ser at det går ikkje over alt. Dyra vel seg ut sine favorittstader der dei beiter hardt, andre stader beiter dei til dels lite. – Der eg ikkje har klart å få til beitepress, har det grodd

til noko vanvittig. For 15 år sidan var her ikkje eit tre, nå er det heilt uframkommeleg både for folk og dyr, seier han, og peikar på eit område der skog og kratt har teke over.

Lyngbrenning også aktuelt om hausten?

Er det gitt at lyng berre bør brennast på vårparten? Per Helle, lærar ved Tveit vgs, og brannmann, meinte ein godt kan brenna i september, dei åra vêrforholda ligg til rette. Ny lyng spirer både frå rot og frø. Lyng har ei om-løpstad på 30 -50 år, og dersom alderen på lyngen er høg, har han liten kraft til å spira frå røtene, som gir raskast spiring. Då blir det frøspiring, uansett.

Fjerdeparten av vedlikehaldsføret

Ein oppnår to ting med å beita lyngen. Både å skaffa fôr til dyra, og samstundes vedlikehalda lyngheiane. Utan beiting gror området til med busk, kratt og tre, som fortrengrer lyngen.

Lyngbeite inneheld både gras og lyng. Erik meiner sauene hans kan dekke inntil fjerdeparten av vedlikehaldsføret med lyng. Til ammekyr har Erik erfart at lyngbeiting er ideelt som strukturfôr for å hindra at dyra blir for feite. Sauene hans er vanlege Norsk kvit sau, ikkje villsau. – Eg er opplært til å produsera kjøt, ikkje bein, seier han om den saka.

Fritt for hantikk

Erik Eikje erklærer Ognøy fritt for hantikk. Dette på grunn av at beitedyra held vegetasjonen nede og fjernar vese gras om vinteren, og det heller ikkje er rådyr og hjort på øya. I alle fall ikkje anna enn streifdyr.

Ugrassituasjonen er også god. Sauene har utrydda det meste av rome, som det var ein del av før. Einstape finst det noko av, men denne er ikkje i auke. Innvollsnyltarar er det òg lite av, grunna liten dyretettleik og sambeiting med storfe.

Erik seier seg glad for at han får SMIL-midlar, og midlar frå regionalt miljøprogram for å pleia lyngheiane. Alle bilistane som kjører E 39 gjennom Bokn, 6000 bilar i døgnet i følge Erik, kjører gjennom eigeidommen og får dermed også glede av dette.

Graset etablerer seg godt under lyng som er brunnen i vinter.



Utmarksbeitet – ein viktig ressurs for garden

Utnytting av utmarka og fjellet som ein del av garden har lang historie. Det var tradisjonelt mykje slit, men også kultur og matauk. Jamvel om utmarka nok hadde meir å seia for 50 og 100 år sidan når det gjeld det økonomiske, er utmarksbeitet framleis ein viktig ressurs for mange bruk.

Bv

Dag Raustein

Vi tok turen til Kvilldalsgrenda i Suldal for å sjå på korleis bruken er i dag, kva som har endra seg og kva utfordringar dei har framover. Med oss var representantar frå fem av bruka i Kvilldal, der det er rundt 10 bruk att i hovudgrenda + to på Kjetilstad og to på Slagstad. Tidlegare fylkesagronom i planteavl og beitebruk, og fylkeslandbrukssjef i Rogaland, Einar K. Time, var også med. Vi drog opp til ein av stølane, Mestøl, som ligg like innafør Lauvastølsvatnet.

Mange stølar

Vi sit i solveggen til stølshuset på Mestøl og snakkar om fortida, nåtida og framtida. Stølshuset er restaurert for nokre år sidan, og framstår som ei triveleg hytte som blir nytta både ved til-



Stølsvollen er ennå open, men det er grodd til mykje skog rundt denne.

syn av dyra og til avkopling når dei vil bort frå det travle livet på garden.

På stølsvollen beiter ein del av saueflokken til eigaren av denne stølen, Sigrud Bakka. Ho har i alt 60 vinterfôra sauer som nå er til fjells i dette området saman med lamma. Sigrud er ofte på stølen for å sjå til dyra sine. I tillegg til denne stølen høyrer også stølshus på Lauvastølen til garden. Stølen der blei flytt i samband med kraftutbygginga i Suldal på 1970-talet.

Også kvart av dei andre bruka i Kvilldal har to stølar i området rundt. Øystein Lofthus er nabo med Sigrud Bakka i Kvilldal og eig stølen like inntil Sigrud sin her på Mestøl. Dei fleste stø-

lane ligg nå relativt nær vegar som blei bygde i samband med kraftutbygginga. Stølslivet er i dag eit heilt anna enn for eit par generasjonar sidan.

Kyr, geiter og sauer

Dei store fjellområda som høyrer til Kvilldalsgardane, nær 200 000 mål bruttoareal, var ein endå viktigare del av gardsdrifta før enn nå, jamvel om dei er svært viktige for sauehaldet også i dag.

Lars Bakka, far til Sigrud og ein sprek 74-åring, kan fortelja at han var med på stølslivet som barn og ungdom.

- Då hadde vi kyrne på stølen, 8 – 9 kyr frå vår gard. Dei blei drivne heimefrå og opp her, stadvis på ein smal sti, med bratt fall på eine sida. Dagens kyr ville ikkje greidd denne turen, innleier han, og held fram: - Vi hadde med hest for å kløvja det vi trong på stølen, og for å få smøret ned i bygda. Eg var med på dette og dei mange oppgåvene på stølen, der vi elles hadde ei stølsjente. Det var ein del tungt arbeid, men òg eit fritt liv. Også sauene var til fjells og mange hadde geiter.

På Mestøl er det to stølar, den næraste høyrer til Øystein Lofthus, den andre til Sigrud Bakka.





Ein del av Kvilldalsgrenda. Vi skimtar Suldalsvatnet til venstre. Til høgre går flate Kvilldal med dyrka jord over i kulturbeite, og vidare til skogsbeite før det går over i heie-/fjellbeite.

Attgroing av beiteområda

Både Lars og dei andre som kjenner heia her gjennom mange tiår, kan fortelja at landskapet har grodd mykje til med lauvskog, mest bjørk, den siste generasjonen. Altså same utviklinga som vi ser mange andre stader.

Einar K. Time laga midt på 1990-talet ei samanstilling over alle utmarksbeita i låg-, mellom- og høgheiane i Rogaland, basert på ei rekke tilgjengelege kjelder. Heia til Kvilldalsgardane ligg i område med næringsrike kambro-silur-bergartar, og ligg i beste beiteklasse blant rogalandsheiane. Det er mykje rein fjellgrunn – impediment - i heia, men der det er lausmassar, er

desse av mykje god kvalitet for beite.

Ut frå vurderingar som er gjorde i Beitebok for Norge, bind III, har heia her kapasitet til rundt 2 300 smålog (sauer og lam). Det er rekna at kvart smålog tek opp om lag 110 føreiningar i løpet av 100 dagar. Til saman vil det seia vel 250 000 føreiningar pr. år i denne heia. Vi skal ikkje gå nærare inn på det, men ut frå tala eigarane la fram, er utnyttinga i dag på rundt 60 % av dette, vel 1 400 smålog. Det er nok éi av forklaringane på at det gror att, for tidlegare låg utnyttinga meir opp mot det som er rekna som det maksimale.

- Så lenge det var stølsdrift og dei

dreiv med ysting, hogg dei mykje ved. Slått på betydelege areal, saman med beitinga, heldt også skogen borte, skyt Gunnar Steinbru inn.

Truleg gjorde geitene ein god jobb med å halda skogsvegetasjonen nede, og sambeiting mellom storfe og småfe verka positivt i høve til å halda beita i best mogleg stand. Vi spekulerer òg i om klimaendingar, og større nitrogenedfall med nedbøren, bidreg til attgroinga, utan å ha noko klart svar.

Viktig også i dag

I dag blir utmarksbeita til Kvilldal brukte til sau. Lars Egil Bakka, Joar B. Hjorteland og Sigrid Bakka slepper i tillegg ungdyra av storfe på skogs-/utmarksbeite, der dei går i om lag fire månader. Fjellbeita er framleis viktige, både som ein del av historia, som ein del av kulturen og som ein del av det sosiale livet, ved at ein treffest i heia, og har noko samarbeid. - Sauen er ein trivselsfaktor, og gjer at vi har noko å snakka om, høyrer vi. Og sjølvst ligg det her økonomiske verdiar i beitet. I 2009 nytta 554 sauer og 852 lam heiebeita.

I 1997 skipa 11 av eigarane av heie-



Kartet syner omtrentlege grenser for dei nær 200 000 mål store heieområda som høyrer til Kvilldal. Heia grensar i aust til Aust-Agder.

områda eit beitelag, utan strenge formalitetar. Dei er framleis 10 som er aktive. Laget har eit styre, med Gunnar Steinbru som leiar. Kva oppgaver har så laget?

- Vi driv eigentleg kvar vår teig også i fjellet, men vi samarbeider ved sankinga, både ved å melda frå til andre når vi har sett dyra deira, og om etter-sankinga. Vi kjøper inn salt felles, og vi søker i fellesskap om fellingsløyve for rovdyr, fortel Gunnar.

Ingen av bøndene treng transport av dyra heimefrå og ut til beita. Dei fleste slepper dei heime på kulturbeitet, og så søker dyra sjølve via skogsbeite inn i utmarka/fjellet. Gunnar Steinbru driv dyra heimefrå og inn til si hei.

Normalt går dyra på heia i 3 – 3 1/2 månad. Då blir dei samla heim, lamma skilde frå, og ein del lam går direkte til slakteri. Mest alle sauene blir sleppte ut att på skogsbeite fram til paring. Sauene får då til saman 5 månader på utmarksbeite.

Aukande rovdyrplage

Gunnar Steinbru legg fram tal som han meiner dokumenterer aukande tap på grunn av rovdyr. – I 2001 sleppte vi i beitelaget til saman 543 sauer og 907 lam. Vi miste 8 sauer og 29 lam, som gir ein samla tapsprosent på 2,55. I 2009 miste vi 16 sauer og 44 lam av sleppte 554 sauer og 852 lam. Det gir ein tapsprosent på 4,27. Eg er sikker på at dette skuldast ørn og jerv, seier han og legg til at han siste året miste 6 sauer, det same som dei ti føregående åra til saman.

Lars Egil Bakka fortel at han såg



Ein liten del av saueflokken til Lars Egil Bakka på beite i Pjåkavassheio, ein del av heiane som høyrer til Kvilldal. Her er ein i høgheia, over skoggrensa. (Foto: Lars Egil Bakka)

ørn kvar veke dyra var på beite, så ørna er i sterk auke. Jerven har dei også sett. Sigrud Bakka fortel om to dyr med tydelege kloremerke etter ørn. - Dyra overlevde heldigvis, seier ho, og legg til at det er svært vanskeleg å få erstatning for rovdyrtpap.

Om jerven er det også klare meininger. – Det er for vanskeleg å få løyve til å ta ut jerv, sjølv i dette området der det dyreslaget ikkje skal vera, seier Lars Vaarvik, og Lars Egil Bakka legg til: - Det blir sagt at det er streifdyr, men det er ikkje streifdyr lenger når dei blir bufaste som her.

Framtida

Alle er klare på at heie-/fjellbeita blir viktige også i framtida, og dei legg til grunn at rovdyra må kontrollerast sterkare.

Leiv Lofthus driv nå med sau som einaste husdyr, og han er glad for at økonomien i produksjonen har betra seg solid. Det gir ein god stimulans til å halda fram. Alle ser at heia nok kunne vore sterkare utnytta. Det er viktig å stansa attgroinga og det er betydeleg beite å gå på. Men det er vårbeitet og vinterføret som er minimumsfaktoren i Kvilldal. Den dyrka jorda og kulturbeitet heime er avgrensa og kan ikkje aukast i særleg mon. Då blir det slik at kyrne får det dei skal ha av dette, og så blir det sauer på resten.

- Det er ikkje aktuelt å ta inn dyr på leige i heia. Vi meiner det vil fortregngja våre eigne dyr. Dei vil spreia seg meir og trekkja over på andre sine teigar og gjerne også utanom heia vår. Skulle vi teke inn dyr utanfrå, måtte vi hatt ei eller anna form for gjeting, og det er det ikkje økonomi til. Men vi er opptekne av at heia blir utnytta best mogleg. Derfor må me hjelpa og oppmuntra kvarandre til å senda dyr på beite. Kanskje kan det vera nye saueigarar i grenda som vil prøva heiesending. Då må vi andre støtta opp om det, seier Gunnar Steinbru.

Audhild og Lars Vaarvik har ein del dyrkingsjord heime som dei vil ta fatt på, og det vil opna opp for større dyretal i den store heia som høyrer til garden deira. Dei andre har ikkje tilsvarende planar eller tilgjengelege areal til dyrking. Men utmarksbeita vil bli viktige for gardane i Kvilldal så langt fram dei kan sjå.

På Mestøl. Frå v. Einar K. Time, Lars Bakka. Lars Egil Bakka, Leiv Lofthus, Lars Vaarvik, Audhild Vaarvik, Sigrud Bakka og Gunnar Steinbru.



Gjetarhund

Arbeidsreiskap og hobby

Ein god gjetarhund gjer arbeidet for 10 mann, medan ein dårleg hund krev 10 mann. Arvid Årdal er ein av dei mange sauebøndene med gode hundar.

Bv

Sjur Håland

Saman med kona Inger Grete driv han gard på Håland på Varhaug, med 115 vinterføra sauer. Saman med lamma blir sauene kvart år sleppte i Brelandsheia i Åseral. Området på 110 000 dekar blir nytta av mange sauebønder. Kvar haust trålar 12 – 15 mann heia saman med gode gjetarhundar i 4 – 5 dagar. Etter hovudsankinga er det etter-sanking. Gjerne fleire turar i all slags vør og uvør. – Hundane er umisselege, og gjer ein kjempejobb. Å ta einslege dyr utan hund hadde vore svært vanskeleg – om ikkje umogleg. Det same gjeld å handtere store flokkar. Saman med ein god hund er det lite problem med å samle og jage inn ein flokk på 300 dyr, fortel Arvid.

Varhaugbuen Arvid Årdal har lite fritidsproblem. Han er hekta på hund.

– Han lever og andar for sau og hund, seier kona. Turane i heia med dei firbeinte arbeidskameratane er berre ein liten del av bonusen som hundeeinteressa gir. Like gildt er det med tevlingar og dagleg trening.

Sau pluss hund er sant

Det herskar ro, orden og disiplin i tunet til Inger Grete og Arvid Årdal. Ikkje så godt som ei einaste gneldrebikkje lagar lyd eller går til skummelt åtak på meg då eg stig or bilen. Dei fem Border Collie-hundane har kvar sin binge bak løa, og dei plar ikkje bråke, får eg vite. Arvid sin karriere som sauebonde starta i 2005, då han og Inger Grete tok over hennar odelsgard. Då fekk dei også den første hunden.

– Det var far min som pressa på. Du kan ikkje drive med sau utan hund, sa han. Sidan har det gått slag i slag. Å drive med gjetarhundar har blitt gildare og gildare. Som ein livsstil, smiler

Arvid Årdal har teke fleire premiar siste året saman med 3 år gamle Winther. Å drive med gjetarhund har for Arvid blitt meir enn berre god hjelp når sauene skal handterast. Siste året har han brukt minst 1 000 timar saman med hundane sine.



bonden, som har brukt om lag 1000 timar på hundetrening siste året.

Interessa har slett ikkje dabba av. I dag har han fem hundar. Den gjævaste er Winther. – Han er ikkje til sals uansett beløp, slår bonden fast. Ein hund som er klar for å begynne å jobbe med sauer, har ein verdi på 20 – 50 000 kroner, ein kvalp med god avstamming kostar 7 – 10 000 kroner.

Konkurransinspirerer

Miljøet blant dei som driv med gjetarhund på Jæren er det beste, fortel Arvid. Han er oppteken av å dele æra for eigen suksess med gode kollegaer. Særleg har naboen, Ragnvald G. Håland, vore ein pådrivar. Naboen må ha sett Arvid sitt talent. Etter å ha delteke på tevlingar eit drygt år, er resultatalt synlege i premieskapet i stova. Nr. 11 i noregsmeisterskapen med over 100 deltakarar. Nr. 2 i fylkesmeisterskapen og nr. 1 i Hå.

– Konkurransbiten er sjølsagt inspirerende, men vel så viktig er det gode, sosiale miljøet blant oss som driv med gjetarhund i Rogaland, meiner Arvid. Han forklarar at Sør-Jæren Sau og Geitealslag, kor han er medlem, har eigne tillitsvalde som tek seg av spørsmål kring gjetarhund.

Trening

I Hå har sauebøndene høve til å kome saman for å trene hundane ein dag i veka i tidsrommet mellom juli og mars. Av naturlege årsaker er det ikkje trening i september månad.

– Treningsarenaen rullerer mellom fleire sauebønder i Hå, opplæring av hundar krev erfarne sauer i starten, forklarar Arvid. Han presiserer at også hundeeigarar utan sau kan delta. Og, me ønskjer også hundeeigarar som bur utføre Hå velkomne. Me vil gjerne ha fleire med, og treningane er opne for alle med interesse for gjetarhund, strekar han under.

Tolmod og dyreven

Utgangspunktet for ein god sauehund er å utnytte dyret sitt instinkt.

– Det er som ein ulv med jaktinstinkt. Han ser på meg som leiaren av ulveflokk, og vil difor instinktivt drive sauene mot meg, forklarar Arvid. Han har gått på kurs for å lære faget, samstundes som det alltid er noko å lære frå andre hundeeigarar. Han strekar under at for å trene opp ein god gjetarhund, må eigaren ha ein god porsjon med tolmod. – Samstundes må han vere glad i dyr, avsluttar Arvid, medan han klappar Winther, som ser opp på sin eigar med eit livleg gladblick.

Heialivet, samhald og samarbeid

Ja, det finnest ekte cowboyar i Noreg. Den norske varianten brukar ikkje hest, lasso og revolver. Og i staden for å gjete storfe, dreier det seg om sau. Viktigaste reiskapen er hundane, gode sko og klede, ryggsekk, mobiltelefon og stav. Den norske prærrien ligg høgt til fjells. Kupert og vêrhardt. Å vere i heia er fysisk tøft, men ein umisseleg del av livet for dei som er bitt av heiebasillen.

Bv

Sjur Håland

- I tillegg betyr bruk av heiebeite god helse for dyra. Og god helse betyr som kjent god økonomi, påpeikar heiesjef og sauebonde Karl Martin Mattingsdal og leiaren i Jæren Smalelag, Asbjørn Haga. Også Haga driv med sau.

Heiesjefen har sidan 1993 leigd området Langeidheia og Hegland, eit område som høyrer til Setesdalsheia. Karl Martin leiger av 10 grunneigarar, og leiger vidare beiteområdet til 40 bønder med totalt 5 000 sauer og lam. På denne måten bidreg dei til å halde kulturlandskapet vedlike.

Naturens ressurs

Det er dei medvitne om. Dei registrerer at tregrensa kryp oppover, og at det hadde vore plass til fleire sauer mange stader.

- I tillegg utnyttar me ein naturleg ressurs som elles hadde gått til spille. Lamma er kring 25 kilo når dei blir sleppte på heia. Om hausten, når dei kjem heim, er gjerne vekta dobla, og mange dyr kan fraktast direkte til slakteriet. Her er det snakk om ein naturleg ressurs, slår dei to fast.

Jæren Smalelag

Asbjørn Haga frå Figgjo er for tida leiar i Jæren Smalelag. Han fortel at styret i laget blir valt på årsmøtet, der medlemmane er heiesjefar og sauebønder som nyttar seg av dei ulike beiteområda. Førre målet til laget som vart etablert i 1914, er å leie arbeidet med vedlikehald av laget sine hytter, saman med andre anlegg i høve til beitedrifta. I heia der Karl Martin er sjef, eig Jæren Smalelag tre hytter sjølv, medan dei disponerer ytterlegare to hytter. Vidare er det styret som søker om tilskot til sanking og til utstyr og andre investeringar.

Kameratskap i tjukt og tynt

Asbjørn og Karl Martin ber ikkje preg av innandørsliv. Sjølv om det er november, har andleta ein farge som berre mykje tid i frisk fjelluft kan gi. I tillegg er glimten i augo deira eit prov på at livet i heia er noko spesielt. – Det handlar om interesse for sau og hund. Vidare handlar det om kameratskap i tjukt og tynt, svarar Karl Martin når vi spør om kva som er så spesielt med dette livet. Asbjørn nikkar og kjenner seg att i beskrivingane. – Det er ein livsstil som eg ikkje ville vore forutan. Når våren endeleg kjem og eg kan vere med Karl Martin til heis for å sjå over gjerdene, får eg ei kjensle av mening og glede som knapt kan beskrivast, held han fram.

Og hausten er ikkje mindre spanande i følgje dei to. Strevsamer dagar på heia. Tradisjonar med saueklypping og heimeslakting. Eit sosialt og godt tilvære. Fleire av bøndene har opp mot 30 dagar i heia i løpet av ein sesong. – Me blir kjende med kvarandre. Me blir trøtte i lag, det er heilt spesielt og kan knapt forklarast, seier dei to medan drøset går stadig lettare kring kaffibordet. Og medan dei mange minna fører til stadig kortare tid mellom kvar gong latterdøra blir slått opp på vidt gap.

Luftboren kost

Heiasjefen, Karl Martin, er kokk. Provianten blir frakta inn til hyttene om våren. Med helikoptertransport til dei mest avsidesliggjande hyttene. Maten er viktig. Det nyttar ikkje med råkostsalat etter ein lang dag høgt til fjells. Når folk og hundar kjem ramlande inn om kvelden, er det middag, kokt på gassbluss. Til dømes ertersuppe med klimpar. Eller komle, pinnekjøtt, eller morrpølse frå slaktaren på Varhaug.

Eksklusiv kveldskos

Ein tur på utedoen. Hender blir såpevaska under ei sjøvkonstruert vassrenne. Dusjen får vente til dei kjem heim. Klede blir vringde av og hengde til turk. Så set karane (og kvinnene) seg til bords for å nyte skikkeleg kost. Medan



Leiaren i Jæren Smalelag Asbjørn Haga t. v. og heiasjef Karl Martin Mattingsdal har mange gode minne frå gode år i Setesdalsheia.



Vedlikehold av gamle, og oppsetting av nye gjerde er kvart år opptakten til det store eventyret på heia. – Det er rett og slett gildt, seier dei heldige jærbuane som får vere med. (Foto: Asbjørn Haga)

hundane finn plassane sine under køyene etter å ha jafsa i seg sitt sikringsfôr med glupsk appetitt. Kveldsstunda etter middagen er blant dei daglege høgdepunkta. Blant mette, varme og dosige heiafolk glir drøsen lett. Skrøyt og godmodig småkrangling. Faglege diskusjonar, prat om sauer og hundar. Karl Martin er blant dei som meiner at buhunden er like nyttig som bordercollien når sauene skal heim.

Skylevatn mot tannverk

Latteren sit laust og historiane kjem trillande på lette tungebånd. Som historia om kollegaen som fekk tannverk og leid med store smerter. Dei andre karane visste råd for problemet. I mangel på tannlege fekk den ulukkelege drusne dosar av medbragt skylevatn. Middelet hjelpte. Ulukke vart til lukke, like til dei skulle forsere ei elv. Då måtte han ha hjelp og rettleiing for å kome over. Andre som vanlegvis ikkje er med i heia får av og til også ta del i eventyret. Karl Martin fortel at han har traktert både prest og klokkar med middag og skylevatn.

Asbjørn ler godt når han minnest den gongen han vart lurt av dei andre av garde med eldgamle egg i sekken. Egga flaut opp i kjelen, og etter ei tids koking eksploderte eitt av eggja slik at loket fôr som eit prosjektil til vêrs.

Fotballspelar kollapsa

Rovdyr er eit naturleg diskusjonstema. Førebels har dei blitt sparde, men ørna kan bli nærgående. År om anna hender det at ho gjer eit lite innhogg i flokken. – Flotte fuglar som me set pris på og blir fasinerte av, men me vil ikkje ha for mange av dei, strekar Karl Martin og Asbjørn under. Eller dei kan kose seg over minnet om den gongen ein topptrerna fotballspelar var med på sankinga. Han hadde bestemt seg for å halde følgje med dei andre utan å syne teikn til veikskap. Han heldt i to dagar før han kollapsa totalt.

Heiabøndene diskuterer også framtida. Og dei er opptekne av dei styrande si forvaltning av kulturlandskapen. – Det opplevast som meningslaust at medan me bidreg til å leggje til rette for turisttrafikk året rundt og turistane kan ferdast fritt, må grunneigarane gjennom ei papirmølle for å få lov til å nytte motorisert ferdsel i samband med næringa. Kva mening er der i slikt?, spør Karl Martin.



Mat og utstyr er ikkje tilfeldig for dei som lever på høgfjellet.

Beitelandskapet vinkla mot turistnæringa

Hanne Sundbø i Hjelmeland er dagleg leiar i Reisemål Ryfylke. Samstundes bur ho på gard, og kjenner også landbruket frå denne sida. Vi har fått eit intervju med henne.

Bv

Odd Magne Nordmark

– Landbruket vil gjerne tru at levande bygder med opne kulturlandskap er attraktivt for turistar og lokkar fleire turistar til bygdene, både frå inn- og utland. Stemmer dette Hanne Sundbø?

– Kvar gjest har sine kulturelle briljer, men hovudinntrykket mitt er at dei er interesserte i levande lokalsamfunn. Eg har hatt mange utanlandske journalistar på besøk. Dei samanliknar med sitt heimland. Dei legg merke til at det lever folk her som livnærer seg av varierte lokale ressursar, i motsetnad til reine turistområde i mange andre land. Turistane er mindre interesserte i å sjå museumslandbruk, der enkelte bønder får betalt for å driva på gamlemåten for å visa dette fram for turistar, slik somme land praktiserer. Undersøkingar syner òg at det å møte lokalbefolkninga og høyre om korleis dei lever, betyr mykje.

Beitemark blir oppfatta som natur

– Turistane frå utlandet kjem hit for å oppleva fjordlandskap, held Hanne Sundbø fram. Det som gjer norske fjordar spesielt attraktive, er at det bur folk her.

– Set dei spesiell pris på opne beitelandskap?

– Det er naturattraksjonane som er hovudårsaka til at folk kjem hit. Men det vi oppfattar som natur, er noko

Reisemål Ryfylke

Reisemål Ryfylke er eit aksjeselskap der meir enn 50% er eigd av private reiselivsbedrifter, og resten av kommunar i Ryfylke. Marknadsføring av reisemål i Ryfylke er hovudmålet. Reisemål Ryfylke driv turistkontor i Hjelmeland sommarstid.

Internettadr. www.ryfylke.com.

– Turistane opplever i stor grad kulturbeita våre som natur, seier Hanne Sundbø.



anna enn det t.d. tyskarane oppfattar som natur. Her er så lite dyrka jord i Norge, at dei oppfattar også gardsbruka her som natur, i alle fall beitemarka. Også turistar frå Austlandet oppfattar i stor grad kulturbeita våre som natur. Og natur er turistane interesserte i. Beitedyr gjer opplevinga ekstra eksotisk. Ikkje berre for utlendingar, men også for t.d. austlendingar, som ikkje er vane med å sjå sau på nært hald.

– Norske gardar blir færre og større, og mange stader blir det ikkje att nok dyr til å halda landskapet oppe. Går dette ut over turiststraumen både til landet og til Bygdenorge?

– Ikkje for å få turistar hit, men det betyr noko når turistane først er komne. Attgroing er negativt, men det viktigaste er at ikkje bygningsmassen ber preg av forfall.

Turvegar må vera merka

– Traktorveggar i landskapet kan opplevast som naturinngrep, men lettast samstundes tilgangen til å oppleva kultur- og naturlandskap, dersom vegane er opne for publikum. Har slike veggar verdi for turistnæringa, eller berre for fastbuande i området? Er det god samfunnsøkonomi at det offentlege betaler grunneigarar for å merka og vedlikehalda traktorveggar og drifteveggar som turstiar?

– Traktor- og skogsbilveggar som ligg

i attraktive naturområde betyr mykje for å forlengja opphaldet til gjestene, fordi det då blir meir å gjera. Dei kan gå lette turar i fin natur, og sitja og oppleva. Men turvegane må vera tydeleg merka, så turistane forstår at her kan dei gå. Er folk usikre, vågar dei ikkje gå, verken innflyttarar eller turistar. Det må også ordnast med parke-ring. Det er først og fremst kommunen sitt ansvar.

– Har bøndene positiv haldning til å skaffa turistane tilgang til sine område?

– Det varierer. Det blir lett ein del konfliktområde, som hundar, opne grunder m.m. Dersom ein tursti går over åtte grunneigarar og éin seier nei, blir det ikkje noko av denne turstien. Dersom bonden får offentlege midlar for å tilrettleggja, merka og vedlikehalda turstiar, må dette vera ei varig løysing. Vedlikehald av avtalar med grunneigarar må vera politisk like viktig som å klippa snorer.

Mat, overnatting og aktivitetar gir inntekt

– Kan bøndene i større grad få næringsinntekt av turisme?

– Skal dei få inntekt som monnar, er det mat, overnatting og aktivitetar som krev utstyr eller spesiell kompetanse som gjeld. Rein og kortreist mat kan vera bra. Det kan vera interessant



Landskap rundt Hetlandsvatnet i Hjelmeland, sett frå Rv. 13.

for turisten å vita at den sauen du ser på det beitet, blir servert på det lokale hotellet om eit halvt år. Historiefortelling om menneske som budde her, kan vera interessant. Synlege fornminne og gamle hus som gjer historia du fortel sannsynleg, er bra.

Rovdyr fremjar ikkje turismen

– Kan landskapet haldast ope på andre måtar enn med beitedyr, til dømes med mekanisk rydding?

– Generelt trur eg mekanisk rydding blir altfor ressurskrevjande.

– *Miljøaktivistar vil ofra ein del av sauehaldet til fordel for rovdyr; noko som vil endra landskapet kraftig, ved at det i større grad vil gro igjen. Kva konsekvensar vil ein slik politikk ha for turistnæringa?*

– Rovdyra blir opplevd som veldig eksotiske, men fremjar ikkje turismen. Den landskapsendringa aukande rovdyrbestand, fører med seg vil vera

negativ for turismen, men denne årsakssamanhengen vil bli alt for komplisert å forklara for gjestene. Mange utanlandske turistar vil nok setja ulven si velferd framfor bonden si.

Nasjonale turistveg

– Riksveg 13 og Riksveg 520 gjennom Ryfylke skal bli nasjonale turistvegar. Det viktigaste for oss er at det ikkje gror att langs vegen. Det må vera ordningar som gjer dette interessant for bonden. Beiting heilt inntil autovernet er viktig for å halda krattet nede, og det må vera stort nok beitepress til å unngå attgroing, slik at det blir god sikt frå vegen. Kjøreopplevinga er viktig både for oss og for turisten.

Prisar oss ut

På spørsmål om utanlandske turistar opplever landet vårt som eit alt for dyrt turistmål, svarer Hanne Sundbø at me dessverre priser oss ut av den internasjonale marknaden på grunn av oljeøkonomien. Det er i den innalandske bedriftsmarknaden pengane nå ligg.

Norsk reiseliv har same problem som norsk landbruk, ein er ikkje i stand til å konkurrera på jobbmarknaden, fortel Hanne Sundbø, og legg til at også norske industribedrifter flaggar ut.



Årdal i Ryfylke sett frå Riksveg 13

Vindafjord kommune:

Ut på tur – i kulturlandskapet

Det er god helse i kvar ein tur på stien. Vindafjord er eit eldorado for dei som vil nytte kulturlandskapet til mange og varierte turområde. Kommunen, bøndene og friske eldsjeler frå bygdene er i ferd med å gjere turområda tilgjengelege for alle.

Bv

Sjur Håland

Turistar, tilfeldige forbi-passerende, eller dei ni bygdene i Vindafjord sine eigne folk, kan snart leggje ut på tur i eit samordna turnett som dekkjer heile kommunen. Med godt merkte turstiar, informasjonstavler, parkeringsplassar - og digitale kart, henta frå Vindafjord kommune sine sider på Internett. Karta er ikkje eit must. God merking, tydelege skilt og ei informativ oppslagstavle ved turens utgangspunkt, er, for dei fleste turane, meir enn nok til å navigere etter.



Klar for tur. God skilting og merking, saman med parkeringstilhøve og ei solid oppslagstavle, skal gjere det lett å finne fram for lokalbefolkninga og turistar. Harald Olav Stuhaug er, saman med grunneigarar, lokale eldsjeler og Vindafjord kommune, med på å legge til rette for gode opplevingar i kulturlandskapet.

Stort behov

Harald Olav Stuhaug er bonde, med ei mindre stilling i kommunen med ansvar for SMIL-midlar (Spesielle miljø-

tiltak i landbruket). Som ein del av dette, er han prosjektmedarbeidar for det treårige prosjektet Turmål i Vindafjord Kommune. Han fortel at utgangspunktet for prosjektet var eit ganske stort tal turmål i kommunen, men at organiseringa var tilfeldig. Turistnæringa gav uttrykk for frustrasjon. Få turløyper var merkte, og dei som var merkte, hadde svært ulik standard, og i tillegg var det ofte vanskeleg å forklare vegen til turlystne turistar.


Ut frå dette, og ut frå at bøndene som fekk støtte via Regionalt Miljøprogram til tilrettelegging av turar, fekk krav om digitale kart, såg kommunen at det var behov for standardisering, samkjøring og organisering av turmåla. Eit forprosjekt starta opp i 2008. Alle dei eksisterande turløypene vart registrerte. Dei gjekk gjennom kva som var behovet, og det vart utarbeidd ein generell, men detaljert mal for merking, kart og skriftleg informasjon om turane.

Dugnad og støtte

No er hovudprosjektet i full gang, og Stuhaug reknar med at minst 45 turar skal vere ferdige innan utgangen av

For kropp og sjel. Minst fem turløyper i kvar av dei ni bygdene innan utgangen av 2012 er målet. Og turområda i Vindafjord er vakre – året rundt.





Tursti til Lysefjorden frå Sandeid
(Mellomstasjon – utsiktspunkt med benk)

Frå Sandeid:
Køyr mot Vikodal og ta til venstre opp i bustadfeltet (Østbefeliet) ca 1 km etter Shell Stasjon, køyr andre vegen til høgre og til enden av denne (toppen av feltet). Her er oppslagstavle og skilt om parkering.

Parkering:
Ja (Ikkje stor parkeringsplass men parker langs vegen – NB pass på at du ikkje hindrar private utkøyringar i området).

Avstand til målet:
Lysefjorden Ca 2 til 2.5 timar ein veg
(Utsiktspunkt med benk ca 30 til 45 minutt.)

Vanskelighetsgrad:
Svart

Terreng:
Første delen er fin sti gjennom skog opp til utsiktspunkt, herifrå noko myrlandt før grei sti opp gjennom skaret og fram til muten.

Anna:
Lysefjorden er 812 meter høg og mod det eit svært godt utsiktspunkt. Var etter andre verdenskrig i mange år base for ein større radarstasjon. Er i dag eit viktig punkt for kommunikasjonstutstyr.

Om turen:
Frå toppen av Østbefeliet Er det god sti beilt opp til toppen av Lysefjorden. Starten kan vera litt vanskeleg å finna men følg skilt. Gå opp langs utsprengt kanal og ta over bru. Stien går no bratt opp gjennom skogsterreng. Det flatar så ut i det ein kjem opp til utsiktspunkt med benk. Etter eit kort stykke gjennom fuktig myrterreng går stien bratt opp gjennom skaret og til toppen.

Det er mykje stigning og turen må av denne grunn reknast som hard men utsikten frå toppen gjer at strevet raskt vert gloymt. På klare dagar har ein ei fantastisk utsikt frå toppen, der ein kan sjå til Stavanger i sør, Stord i nord, Folgefonna i aust og Utsira i vest.

God Tur

Det du treng. Informasjonen finst på oppslagstavla. Turen er godt merka, og turgåarane skal utan problem finne fram – og tilbake.

2012. Prosjektleiar Eva Kalstveit utgjer, saman med Harald Olav Stuhaug (praktisk tilrettelegging) og Anne Sofie Sandvik (kart), styringsgruppa for prosjektet. Ein frivillig frå kvar av dei 9 bygdene deltek i tillegg i ei eiga arbeidsgruppe. Arbeidsgruppa har ansvaret for den praktiske gjennomføringa av dei minst 5 turmåla i kvar bygd.

- Dugnad er ein viktig del av vår modell, forklarar Harald Olav Stuhaug. – Målet er å merke 5 turar i kvar bygd, og ein frivillig person har ansvaret med å koordinere arbeidet i si bygd. To gonger i året skal arbeidsgruppa møtast for å diskutere kva som er gjort, og kva arbeid som står att.

Kommunen bidreg med administrasjon, arbeidet med digitalisering og annan kompetanse etter behov. Dei direkte kostnadane til prosjektet er i stor grad finansiert av offentlege SMIL-midlar saman med støtte frå eit par bedrifter.

Bøndene er med

Turstiprosjektet hadde ikkje vore mogleg utan at grunneigarane, i hovudsak bønder, hadde vore positive. - Bruk av gardsvegar og stiar, mer-

king og rydding må vere 100 % avklart med bonden på førehand. Så langt har me ikkje basert oss på anna enn munnlege avtalar med bøndene når det gjeld merking av løyper og bruk av område til parkering.

Når det gjeld parkering, bør ein i nokre høve utarbeide skriftleg avtale med grunneigarane, kommenterer Stuhaug, som presiserer at samarbeidet med bøndene er bra. – Dei ser nytteverdien av dette, og dei ser at dei bidreg positivt til storsamfunnet si haldning og verdsetjing av landbruket. Bøndene får også økonomisk støtte via RMP (Regionalt miljøprogram) til naudsynt vedlikehald i samband med tursti over innmark på deira eigedom.

Robust og haldbart

For å stimulere til dugnadsinnsats, får bygda minimum 2000 kroner i generell dugnadsstøtte for merking / rydding av ein tur. I tillegg yter prosjektet støtte til direkte utgifter. – Som maling, skilt, oppslagstavler, plankar til bruer mm. Me er opptekne av å nytte lokale ressursar, mellom anna er det dei innsette i Sandeid fengsel som har bygd informasjonstavlene.

– Digitaliseringa av karta er gjort på ein måte som inneber at vedlikehald og oppgradering kan utførast med kommunens egne ressursar, presiserer Stuhaug.

Dei prosjektansvarlege har ikkje ein klar plan for vedlikehald, men dette skal avklarast før prosjektet blir avslutta. Harald Olav Stuhaug strekar likevel under at tilretteleggjinga for turfolket ikkje vil krevja stort dei første åra etter at målet er nådd og alle turane er merkte.

– Men det er klart at til dømes attingroing kan bli eit problem, og før eller seinare vil det bli behov for ny maling eller nye skilt, kart og informasjonstrass i at me er medvitne på å nytte robuste material. Me håper og trur at det lokale engasjementet kring turstiane blir så solid at bygdene og dei lokale turgåarane sjølve ønskjer å ta godt vare på løypene. Bøndene som mottok RMP-støtte vil òg måtte halde vedlike sin del – det ligg innføre vilkåra for støtte, forklarar han.

Villsau og brenning

Brørne Harald Knutsen og Edvar Kalstø har gjerda inn heile 1.700 mål kystlynghei på Borgenvik, nord på Vestre Bokn, som dei brenner felt for felt, og beiter med villsau. Der det tidlegare var vanskeleg å ta seg fram på grunn av grov lyng, busk og kratt, er det nå open og fin lynghei.

Bv

Odd Magne Nordmark

Dette var det andre bruket Haugaland Landbruksrådgjeving og Naturvernforbundet i Rogaland besøkte på lyngbrenningsdagen. Harald, Edvar og kona hans, Anne Tove Kalstø, serverte grilla lår av villsau med salat og brødmat, pluss kaffi til heile reisefølgjet på kring 30 personar.

Faren til Harald og Edvar kjøpte garden i Borgenvik i 1941, der mor deira er frå, og Harald er fødd her. Garden hadde verken veg eller straum, så familien flytte til Karmøy på 50-talet. Utmarka vart liggjande brakk.

Men Harald og Edvar fatta etter



Edvar Kalstø (t.v.) og Harald Knutsen fortel om brenning og beiting av lynghei.

kvart interesse for utmarka i Borgenvik. Dei gjerda inne eit stort område og sette inn villsau her, utan at nokon av dei budde her. Dei starta òg opp med systematisk lyngbrenning.

Eigedommen deira er kring 250 mål, men dei leiger i tillegg eit stort areal, slik at dei i dag driv 1.700 mål utmark, for ein stor del lynghei. Alt er inngjerda med nettinggjerde på to sider. Resten er sjø. Det vesle av

jorda som ein gong var dyrka, er ikkje det lenger.

Nær 20 mål per sau

Beitetrykket er ikkje svært stort. Dei har 60 vaksne og 30 gimrar, altså 90 dyr totalt om vinteren. Om sommaren kjem lamma i tillegg, med kring 1,2 lam per sau, slik at dei då beiter 200 dyr. I tillegg 4 hestar. Ikkje noko av arealet blir gjødsla.

Spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL – ordninga)

Føremålet med tilskotsordninga "Spesielle miljøtiltak i jordbruket" er å ta vare på, og fremje natur- og kulturverdiane i jordbruket sitt kulturlandskap og redusere ureininga frå jordbruket. Det kan bli gitt inntil 70% av godkjent kostnadsoverslag. I Rogaland har det gjennom denne ordninga dei siste 10 åra blitt brukt mykje midlar til å legge til rette for beiting i område med store biologiske verdier. Typisk har dette vore inngjerding og evt. rydding/brenning av lyngheiområde. Ofte har fleire grunneigarar gått saman om å gjerde inn større utmarksområde.

Ein annan stor post i denne ordninga er å legge til rette for ferdsel i kulturlandskapet. Det kan gis tilskot til merking og opparbeiding av turstiar, og evt. også til utarbeiding av kart. Også restaurering av bygningar, og kulturminne kjem inn under denne ordninga.

For den som er interessert i å auka beitebruk i utmarka, kan denne tilskotsordninga vere den økonomiske stimulansen ein treng for å sette opp gjerde, og evt. svi vegetasjonen slik at området igjen kan verte eit godt beiteområde. Kriteriet for å få tilskot er

at området er ugjødsla og har nokre biologiske- og/eller kulturhistoriske verdier. Ta kontakt med landbrukskontoret i din kommune for å få hjelp til å vurdere om du kan få tilskot i ditt utmarksområde.

Innanfor rammene til forskrifta, har kommunen relativt stor fridom til å prioritere korleis SMIL-midla skal nyttast. Dette skal framgå av ein strategi. Strategien skal vere utarbeidd i samarbeid med næringsorganisasjonane i landbruket.



Velstelt lynghei i Borgenvik.

Sauene går ute året rundt, og lever av gras og lyng det meste av året. Kraftfôr får dei ikkje, berre mineral i form av Vitablokk. I normale vintrar blir dei tilleggsfôra frå rundt 1. februar med tørrhøy som Edvar avlar heime på Karmøy og kjører til utløa her på Borgenvik. Sauene konsumerer rundt 5 tonn høy fram til rundt 1. april, då dei sluttar å eta høy.

Om vinteren går sauene samla, men

ved lamming siste del av april spreier dei seg over heile området, seier Edvar. Graset, mest blåtopp, begynner å komma første veka i mai. Sauene likar blåtopp godt der det er brent. Dei kan til og med utrydda han, fortel Edvar.

Systematisk lyngbrenning

Han og Harald har gode rutinar på lyngbrenning. Dei brenner systematisk, når det trengst og vinden er med

dei. Nesten kvart år sidan 2001 har dei brunne eit område på 50 og 100 mål lyng i året. I starten var dei mange til å halda brannen under kontroll, nå greier ofte dei to det aleine.

– Før nådde lyngen oss langt oppå låret, det var mest ikkje framkommeleg verken for folk eller fe. Etter at me begynte med beiting og brenning, har Bokn Turistforening lagt turløype hit, fortel Harald.

Dei første åra etter brenning kjem mykje gras og urter av ulike slag, som dyra likar svært godt. Og den første lyngen som etablerer seg etter brenning er gjerne purpurlyng, som også er ei svært god honningplante. Det er utplassert mange bikuber i området, men desse er det ikkje Harald og Edvar som eig. Seinare tar røsslyngen meir over.

På stader sauene favoriserer, greier dei å halda lyngen nede utan brenning. Andre stader beiter dei for lite. Rome, som det før var mykje av, har sauene utrydda.

Når det gjeld strategi for brenning, kan ein velja å brenna alt på ein gong. Det gir glimrande sommarbeite i 10 år. Då får ein gras og glimrande sommarbeite i opp til 10 år, deretter lite. Vil ein beita heile året, bør ein fordela



Per Helle demonstrerer rydding med kombisaga Stihl KM 130, påmontert sagkjede.



Lyng etter brenning.

brenninga over mange år, slik Harald og Edvar gjer.

Ulik praksis frå brannvesenet

Mellom deltakarane på Lyngdagen kom fram svært ulik erfaring frå kommune til kommune, når det galdt å gi løyve til lyngbrenning. Såleis fekk ein plent nei til brenning i éin kommune, mens det i ein annan var nok å melde frå om at "nå set eg fyr".

Enkelte kommunar kunne ta dette som brannvernøving. Per Helle gav råd om korleis ein kunne ordna seg med branngater og utnytta bekker og andre naturlege stengsler til å stansa brannen. Det svarar seg ofte å tenne langs slike naturlege avgrensingar. Husk på at brannen spreier seg omlag 10 gonger så fort oppoverbakke som nedover. På bakketoppen, eller rett bak denne, vil det vera lett å stoppa brannen. Maurtuer bør helst ikkje få ta fyr. Her er det nesten uråd å sløkkja. Dei kan ulma og brenn i opp til to døgn før det sløkkjest av seg sjølv. Har ei maurtue langs ytterkanten av brannfeltet tatt fyr, må ein vere nøye med å få brent opp all vegetasjon i fleire meter rundt tua, ellers kan brannen blussa oppatt. Og så må ein passa på vindretningen.

110-sentrane må ha beskjed om lyngbrenning.

SMIL-midlar

90 sauer – stort sett villsauer - og 4 hestar på 1.700 mål utmark, gir ikkje rare kjøtproduksjonen per mål. Lamma frå denne rasen oppnår ei relativt låg slaktevekt på 10-12 kg, og kjøtet frå villsau oppnår dessutan dårleg klassifisering i EUROP-systemet, sjølv om Edvar seier at gimrar på 16 månader gjerne blir klassifiserte som lam. Dei har nokre privatkundar, som kjøper returslakt dei får frå Nortura til 80 kroner kiloen. Med vanleg tilskot som utegangarsau spørst det om ein så ekstensiv produksjon ville vore økonomisk interessant. Slett ikkje når ein tenkjer på kor dyrt det er å gjerda.

Det hjelper godt på at Harald og Edvar får såkalla SMIL-midlar til gjerding og brenning, pluss midlar frå regionalt miljøprogram kvart år. Edvar kan ikkje på ståande fot svara på kor mykje det blir av desse tilskota, men svarer at dei har litt att økonomisk. – Og ikkje minst får me gratis trim, legg han til med eit smil.

– Me føler me har gitt samfunnet noko tilbake for tilskota det betaler oss, når det nå går turløype her som det tidlegare var uframkommeleg, seier Edvar, og legg til at foreldra hans brukte lyng som varmekjelde ved ba-

king av lefser og flatbrød, og bestefaren skar lyng til sauene om vinteren, som dei fekk i blanding med høy.

Demonstrasjon av ryddesag

Per Helle demonstrerte bruk av ryddesag, eller kombisag, med ulikt skjæretstyr, denne dagen. Han skar lyng med firkantblad, som også toler å komma borti stein, men denne kniven dugde ikkje på buskar og tre. Di tjukkare stammar du skal kutta, dess fleire tenner treng du på skjæretstyret. Ein kan komma langt med sirkelsagblad, men Helle likte best sagkjede. Med Stihl KM 130 med firetaktmotor, påmontert sagkjede, gjekk ryddinga fort unna, og han stod ikkje fast, sjølv om stammene var tjukke. Men han hadde investert i ein betre beresele enn den som følgde med saga. Vanleg motorkjedesag åtværa han mot å bruka som ryddesag, fordi denne er farlegare i bruk. – Tenk HMS, så finn du fort ut at du skal unngå vanleg motorsag, sa han.

Regionalt miljøprogram

Mens SMIL-ordninga gir tilskot til eingongstiltak for å restaurere eit område, vert det gjennom regionalt miljøprogram gitt tilskot til den årlege drifta eller den årlege skjøtsel. Slike årlege tilskot kan bidra til å betre økonomien i auka utmarksbruk.

Det regionale miljøprogrammet i Rogaland inneheld mange ulike ordningar. Her vert dei ordningane som gjeld beite kort nemnd:

Tilskot til areal:

1. Tilskot til bratt beite (helling 1:5 eller brattare)
2. Tilskot til kystlynghei. Kriteriet er at lyngheiområdet er registrert i Naturbasen, eller tidlegare har fått tilskot gjennom SMIL – ordninga til restaurering.

3. Tilskot til fuglerike biotopar, beiteområde som grenser mot våtmarksområde.

Tilskot til husdyr:

4. Tilskot til utegangarsau, ammegeit og ekstensive kjøttferasar som går minst 8 veker på utmarksbeite
5. Tilskot til beitedyr (storfe og småfe) som beiter i enkelte område som er verna etter naturvernlova og/eller sikra friluftsområde.

I tillegg kjem tilskot til drift av beitelag, gitt som eit tilskot pr. heim-sanka dyr.

Strand Sankelag – organisert landskapspleiar

Eit velfungerande sankelag er langt meir enn ei praktisk løysing for effektiv beitedrift. Sankelaget i Strand bidreg til miljøskaping, miljøpleie, samhald, samarbeid og utmerka dyre- og bondevelferd.

Bv

Sjur Håland

Timeløn? For gjeting og sauesanking? Dei to karane kikkar på kvarandre og flirar. – Du har misforstått. Dette har minimalt å gjere med anstendig løn for strevet!

Tid for ettersanking

Det er måndag og ei dryg veke ut i september. Dei to bøndene, Paul Tore Barkve og Tom Magne Ravnås frå Bjørheimsbygd i Strand, har nett kome ned frå heia med 800 dyr. Andleta deira ber ikkje preg av slit. Dei er oppglodde og prega av rike dosar frisk fjellluft. Siste sankerunde er unnagjort,

Organisert beitebruk

Ordninga med organisert beitebruk har eksistert i over 30 år og er basert på ulike samarbeidstiltak i utmark om utnytting av beite, tilsyn, sanking m.m. Det gis årleg driftstøtte til beitelag. Støtta gis pr. heimsanka dyr gjennom RMP og er nesten dobla i 2010. Vidare er det investeringsstøtte til ulike samarbeidstiltak som sperregjerde, bruer, samlegarde, gjetarhytter m.m. Investeringsstøtta har vore i SMIL-ordninga dei siste åra, men er under endring. Det vil koma ny forskrift om investeringsstøtte til organisert beitebruk neste år.



Tor Magne Ravnås t. v. og Paul Tore Barkve er aktive i Strand Sankelag. Barkve er for tida leiar i laget, som årleg sender 2 700 dyr til heis. Dei kan konstatere at laget har låg tapsprosent og lite skadar. Beitekvaliteten er god, noko som syner att på slakterioppgjera.

og det er tid for ein liten "pause" og andre gjeremål. Men snart er det på an igjen. Trasking i vêts og uvêts for å finne dei dyra som framleis finn føde i Lyseheiene. Fire turar er planlagde, men det kan bli fleire. Dei gruar seg ikkje. Dei fleste dyra blir funne og kjem vel heim i god tid før naturen slår seg vrang og fører til at heia ikkje lenger er ein stad ein bør opphalde seg i. Ver-

ken folk eller husdyr. Dersom det er mistanke om at dyr går att i heia etter siste ettersanking, leiger sankelaget helikopter for å foreta ein siste sjekk.

Låg tapsprosent

Strand Sankelag sender årleg drygt 2 700 sauer og lam til heis. Tapsprosenten ligg kring 2. Kanskje lågare, sidan innrapporteringa skjer på hausten, og

Fire turar med ettersanking står for tur. Deretter skal årets beitesesong avsluttast med å demontere bruer og utsette skiljegardar. Båtane skal heim og hyttene ryddast. – Mykje trasking og mykje strev, men godt for helsa, sosialt og gildt, strekar dei to bøndene under.





Sauesanking betyr tøft arbeid i varierende terreng og under varierende vêrtilhøve. Gjetarhundane er til uvurderleg hjelp. Foto: Tor Magne Ravnås.

det hender at dei finn dyr seinare. – Me er stolte over den låge tapsprosenten. Talet fortel oss at me gjer dei rette tinga, og at me får att for innsatsen med tilsyn gjennom beitesesongen. Sanke- laget organiserer tre tilsynsgjengar slik at dyra får jamleg tilsyn gjennom heile beitesesongen. Slik oppdagar dei til dømes dyr som sit fast i hefte. – Det blir mykje trasking i heia, men me opplever det som gildt. Nærast som ein

livsstil, seier Tor Magne og Paul Tore.

– Å drive eit sankelag er krevjande logistikkmessig. Båtane skal vere på plass på vatna, hyttene skal vere i orden, og det skal vere mat i hyttene. Vidare skal gjerdene vere i orden. Me har ikkje så mykje gjerdar, men det er meir enn nok med tanke på at dei skal haldast i orden. Paul Tore og Tor Magne fortel at lengste strekket er på 1,3 kilometer i Håhellardalen, medan dei

denne varen sette opp 700 meter ved Nilsebuvatnet.

Bitne av basillen

Tor Magne Ravnås er eit døme på korleis ein blir biten av heiebasillen.

– Eg har vore med til heis sidan eg var ein neve stor. Det hende at eg vart sendt heim på grunn av skulestart. Då hugsar eg at eg grein av fortviling. Ein av desse gongene gav dei vaksne opp, og let meg vere med. Skulen fekk greie seg utan meg nokre dagar, humrar han.

– *Kva er det som er så gjævt med å traske rundt i heia?* spør vi, og skjønner fort at det er vanskeleg å få eit konkret svar. Men det har garantert med fleire ting å gjere. Som det å kome inn til ei av hyttene på kvelden. Under sankinga har dei kokkar på plass i hyttene. Slitne kroppar, varm hytte og varm mat. Kolsvart, gloheit kaffi og ei evaluering av dagens hendingar. Og kanskje ei røvarhistorie eller to. Ingen treng ligge i køya og telje sauer etter ein slik dag. Den gode svevnen kjem momentant.

Lite rovdyr

Rovdyr har så langt ikkje vore problem i Lyseheiene. Unnataket var hausten 2008. Jerven kom seint, men la att blodige spor i form av daude og mishandla dyr. – Rovdyret opererte i eit område som grensa til eit anna lag. Det andre laget fekk seg også ei alvorleg påminning om at rovdyra ikkje er så langt unna oss, fortel Paul Tore.

Vinterklargjering

Det er forresten ikkje berre dyra som skal heim før vinteren. Samlegardar og provisoriske grunder skal leggjast ned for ikkje å bli øydelagde av Kong vinter. Båtane på Lyngsvatn og Svartavatn skal heim. Bruer skal demonterast, bit for bit, og lagrast slik at ikkje ei flis manglar til varen. Det er strevsamt å frakte material til fjells. Om helikoptertransport er eit alternativ, så utgjerd den motoriserte frakta ein kostnad som kan setja djupe minusspor i eit budsjett som normalt går i pluss.

Organisering og samarbeid

Bøndene i Strand har organisert seg gjennom Strand Sankelag frå tidleg på 70-talet. Talet på medlemmar varierer mellom 25 og 30. Bøndene tek gjerne over medlemskapen samstundes med at dei tek over garden. Nye medlemmar må søkja årsmøtet. Det er kapasiteten

Produksjonstilskot

Gjennom produksjonstilskotet kan ein få tilskot til jordbruksproduksjon. Tilskot blir gitt pr dyr og areal. Dei meste relevante tilskota for tema beite og kulturlandskap er tilskot til innmarksbeite (AK – tilskotet) og tilskot til dyr på beite.

Innmarksbeite er jordbruksareal som kan nyttast som beite, men som ikkje kan haustast maskinelt. Minst 50% av arealet skal vera grasartar og beitetålande urter. Dei seinare åra har omsynet til kulturlandskapet blitt vektlagt meir. Det blir nå lagt til grunn bruttoareal, og det er ikkje krav til gjødsling. Når det ikkje er

gjerdar mellom innmark og utmark, er praksis i Rogaland at dyra må "bruke opp" innmarksbeite før det gis støtte til dyr på utmarksbeite.

I 2006 kom det eit nytt generelt beitetilskot for dyr på innmark og utmark. Bakgrunnen for dette er at dyra har det best ute om sommaren, beitedyr held kulturlandskapet ope og det er positivt for det biologiske mangfaldet, og dyr på beite utnyttar beiteressursane. Kravet er minst 12 veker på beite i sone 5-7 eller 16 veker på beite i sone 1-4. For beitetilskot til dyr på utmarksbeite er kravet minst 5 veker på utmark.



Sauesanking i Lyseheiene hausten 2010. Foto: Tor Magne Ravnås.

som avgjer positiv eller negativ respons på søknaden.

– Gardane her i distriktet er gjerne små, med knapt fôr- og beitegrunnlag. Ved å sleppe sauene på heiebeite mellom 15. juni og kring 7. september, frigjer me areal og kan nytte gardane våre optimalt, forklarar Paul Tore Barkve, som for tida er leiaren i Strand Sankelag. Laget er godt organisert. Årsmøtet er øvste organ. Olav Strand er kasserer og sekretær. Han syter for nøye og oversikteleg registrering over det meste som skjer. – Det er avgjerande for god oversikt, og avgjerande i samband med søknadar om tilskott m. v., strekar Paul Tore under.

Godt samarbeid er eit nøkkelord for Strand Sankelag. Lyse og Statsskog er dei største grunneigarane. Sankelaget samarbeider vidare om hyttene med jakt- og fiskeforeninga. Spesielt i Litle Aurådalen er samarbeidet med Stavanger Turistforening viktig. Og bøndene syter for god kontakt og dialog også med Fylkesmannen si landbruksavdeling, og sjølvsagt med tilgrensande sankelag.

Strand Sankelag bidreg til å pleie kulturlandskapet. Paul Tore og Tor Magne registrerer at tregrensa kryp oppover, sauene er til ei viss grad med på å motverke dette. Fotturistane kan også gle seg over at stiar og tråkk vert haldne opne av dei mange og små klauvene.

Kjæledyr og rovdyr

- *Kva så med dyra?*

- Fjellbeite er bra, påpeikar Paul Tore. – Me unngår snyltarproblem som til dømes flått. Beiteområda til Strand Sankelag er av høg kvalitet. Mykje av lamma kan fraktast direkte frå heia til slakteriet. Oppgjera syner svært god kvalitet. – Nærare økologisk mat går det ikkje an å kome, strekar dei to under.

Utfordringar framover?

– Det er registrert jerv i Suldal og ulv i Setesdal. Det er klart at me spør oss kva tid dei kjem hit. Elles kan også hundar vere eit problem. Det er diverre ikkje alle hytteeigarane som er like nøye med bandtvangen, seier Paul Tore Barkve og Tor Magne Ravnås.

Rovdyr- problematikk

Konflikt mellom rovvilt og husdyr er eit relativt lite problem i Rogaland. I region 1 som består av Vest-Agder, Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane har beitedyr prioritet framfor rovvilt. Det gis erstatning for dokumenterte tap av bufe til freda rovvilt. I tillegg kan det gis erstatning for tap som sannsynleg skuldast freda rovvilt. Freda rovvilt omfattar jerv, gaupe, bjørn, ulv og kongeørn.

Beite som ressurs for landbruket og bygda

Dette er nemninga på eit beiteprosjekt i Telemark, Aust-Agder og Vest-Agder. Prosjektet omfattar både samfunnsinteressene som ligg i opne kulturlandskap, og landbruket sine interesser i å styrkja produksjons- og inntektsgrunnlaget.

Bv

Dag Raustein

Bondevennen var til stades på ein markdag i beiteprosjektet, hjå Jens Gabrielsen på Skadberg i Mandal, for eit par veker sidan. Produksjonen på denne garden er ammekyr, med nokre få sauer.

Den profesjonelle gjerdebyggaren Stephen Good frå Oxfordshire i England demonstrerte bygging av husdyrgjerde som skal stå for ein støyt. Han har røynsle frå gjerdebygging i mange land og fleire verdsdelar. Felleskjøpet Rogaland Agder ved Harald Støyl deltok med materiell, utstyr og kompetanse.

Bygg solid

Stephen Good legg æra i at gjerda han set opp, skal tola ein støyt. Dei skal vera haldbare, med minimalt vedlikehald i ein 20 – 30 års periode. Men alle gjerde

treng årleg ettersyn, for eventuell etterstramming eller mindre reparasjonar.

Ein svært viktig del av dei gjerda Stephen byggjer, er ende- og knekk-

punkta. Her skal det vera minst 12 cm diameter på stolpen, og den skal vera bardunert, gjerne også støtta opp med ein skråstilt stolpe.

Mellom endestolpane bruker han trestolpar med 8 cm diameter, eller stålstolpar. Det siste særleg der det er fjell eller stor stein. Stephen kan fortelja at dette med stål, fjell og stein er særnorsk. Der han arbeider til vanleg, er det djup og til dels laus jord, og då er det trestolpar som rår.

Han har med seg ulike slag spesialutstyr som han nyttar til gjerdebygginga – spesialspadar, strammeutstyr, stolpebankarar, avbitarutstyr, m.m. Dette kan beiteprosjektet hjelpe til med innkjøp av, om nokon skulle ynskja det.

God stramming

Eit solid og varig gjerde må vera godt stramma. Då greier korkje snø, vegetasjon eller dyr å bryta det ned.

God stramming krev høg kvalitet på nett, tråd og anna materiell. Stephen



Harald Støyl demonstrerer ein jekk for å ta opp stålstolpar som er slegne ned i jorda.



Stramming av gjerde. Det er kappa av og blir skøyta saman att etter stramming. Stephen Good til v. og Harald Støyl står for arbeidet.

nyttar nett med 3,4 mm tråd oppe og nede, og 2,5 mm mellom. Vernetråd og straumførande tråd er 2,5 mm "high tension-tråd", altså forstrekt, som toler strekk på 980 kg.

Stephen Good er heilt klar på at alt som støttar, strammar og trekkjer må vera beint. Det gjeld også festing av nettingen på endestolpen, der det ikkje blir brukt krampar, men ein knute som er sjølvstrammande på kvar enkelt tråd, og kjem midt i lengderetninga på stolpen.

For å stramma opp gjerdet kappar han det på ein høveleg stad mellom endepålar, skrur fast stålskinar, jekkar det saman og set på ein lås på kvar tråd. Ved behov for etterstramming er dette lett å opna opp og deretter stramma.

Vernetråd og straumtråd

- Det er svært viktig med vernetråd både over og under nettingen. Den er med og strammar opp, men har også ein betydeleg effekt i å skremma dyra frå å hoppa. "Avskrekkingseffekten" er målt til at minst 30 prosent færre dyr hoppar. Det har noko med dyra si manglande evne til å vurdere høgde når det ikkje er vertikale trådar som bind saman, forklarar Harald Støyl, som legg til at med straumtråd på toppen held ein alle tradisjonelle husdyr innafor, og gjerdet verkar avskrekkan- de på ville dyr.

Det gjerdet som blei sett opp her, er berekna både på storfe og småfe. Til storfe aleine kunne det vore sett opp med til saman fire trådar i staden for netting og tre trådar. Då ville ein redusert kostnaden med 20 - 30 kroner pr. meter gjerde.



Stephen Good, profesjonell gjerdebyggjar frå Oxfordshire, England.

Solide gjerde

Gjerde kan byggjast på så mange måtar, og kan fylla mange funksjo- nar. Tidsperspektivet er også ein viktig faktor å ta omsyn til. "Ein skigard kan'kje vara evig, veit du", men gjer- det i yttergrensa av eit beiteområde må vera bygd for å stå i 20 - 30 år utan særleg vedlikehald, og det må kunna tola påkjenningar frå snø, nedveksing av vegetasjon og av ville dyr. Og så må det tola at eigaren (-ane) kan ta seg ferie og stola på at beitedyra er der dei skal vera.

Det gjerdet Stephen Good og Harald Støyl presenterer her, er eit yttergjerde for eit beitefelt, og gjer- det fyller desse krava.

Avhengig av kor mange hjørne det er som krev ekstra gjerdemate- riell, vil kostnaden liggja på kr 70 - 100 pr. løpemeter, bare i materiell. Arbeidet kjem altså i tillegg.

- Eg er ikkje i tvil om at det løner seg å ta denne grunnlagsinvesteringa i høve til å satsa på noko enklare, gjerne provisorisk gjerde. Rekna pr. år blir eit solid gjerde billegare, og det skaper meir ro for eigarane, me- ner Harald Støyl. - Du kan dra på ferie med godt samvit.

Dei som ynskjer det, kan ta ein tur og sjå på demonstrasjonsgjerda, som du førebels finn i Gjerstad, Grimstad og Mandal. Dersom det er av interesse, kan du ta kontakt med pilotleiaren i kommunen eller Ha- rald Støyl i FKRA. Her presenterer vi ein biletserie med nokre detaljar.



Stephen Good demonstrerer spesialspade til graving av stolpehol.



Endestolpe i lausmasse. Her er det 12 cm stolpe, bardunert og med skråstilt støttestolpe. Legg merke til vernetrådar oppe og nede, og straumtråd oppe. Det er ikkje brukt krampar, men enden av nettet er skøytt saman slik at draget kjem midt på stolpen.



Endestolpe i fjell. Her er det bora ned ei stålstong. Trestolpen er saga av, det er bora hol som passar til stålstanga i steinen og stolpen er tredd over. Stolpen er bardunert.



Sjølvstrammande knute på enden av vernetråden.



Isolasjon på straumtråden på ein hjørnestolpe.



Låsar i skøyttane på nettingen som kan opnast, nettingen etterstrammast og låsane setjast på att.

Alle gode krefter må samarbeida

Skal ein bremsa attgroinga av kulturlandskapet, må det sterke verkemiddel til både i form av pengar og fysisk innsats. Men det dreier seg også om positive grunneigarar og god organisering av fellestiltak.

Bv

Dag Raustein

Dette er nokre av konklusjonane frå eit beiteprosjekt i Sirdal. Det kom i gang som eit delprosjekt under "Beiteprosjektet i Telemark og Agder" som starta for eit par år sidan og skal avsluttast i år. Beiteprosjektet i Telemark og Agder er styrt av landbruket i fylka, og det er løyvd pengar frå Landbruksdepartementet, frå fylkesmennene sine landbruksavdelingar og frå SMIL-midlar.


Prosjektet i Sirdal er eitt av ti delprosjekt og er starta etter initiativ frå kommunen. Åge Gyland er leiar for



Alt på biletet ligg innafor prosjektområdet. Mykje av skogen skal ryddast, men dei små plantefelta skal stå att.

delprosjektet. Målet for det nær 400 mål store prosjektområdet er å betra beiteutnyttinga gjennom samarbeid, å halda eit ope og vakkert kulturlandskap og å redusera gjerdekostnadene.

Attgroing av beite betyr tapte forressursar og at kulturlandskapet blir borte, eller ikkje synleg. I Sirdal er det, som mange andre stader, mange mindre bruk som er gått ut av drift.



Yttergrensa for det nær 400 mål store beiteområdet er teikna inn med raudt. Ein del av grensa inn mot fjellet er sjølvgjerdet. Kartet syner også eigdomsgrensene og ulike vegetasjonstypar. Området skal delast inn i tre skifte med elektriske gjerde på tvers av feltet der det er rimeleg greitt å setja opp gjerdene.



Det er også overflatedyrka jord og kulturbeite på prosjektområdet. All sølvbunka, som ein ser i tuver, blir ei stor utfordring å få bort. I bakgrunnen ser vi gjerde "på kryss og tvers". Dei skal nå takast ned. Frå v.: Åge Gyland, Magne Tjørhom, Geir Magne Hadland, Arne Tjørhom og Einar K. Time.

Jamvel om den dyrka jorda framleis blir driven, er det så som så med meir tungdrivne beite. Utan beiting gror dei att med skog. Attgroinga skuldast nok ein kombinasjon av mindre beitetrykk enn før, mindre uttak av ved, og truleg verkar både klimaendringa og meir nitrogentilførsle med nedbøren inn.

Positive grunneigarar

- Ordførar i Sirdal, Thor Jørgen Tjørhom, spelte ei sentral rolle for å få til dette beiteprosjektet. Han er grunneigar i prosjektområdet, men driv ikkje sjølv. Det var relativt lett å få med dei andre grunneigarane og dei som leiger her, for det er gode relasjonar mellom alle. Eigiarane legg meir vekt på at areala blir haldne i hevd enn at dei skal tena på utleige. Av fem grunneigarar er det bare éin som driv sjølv og er med i beitelaget. Dette har tre medlemmer, der dei to andre leiger jord, fortel prosjektleiar Åge Gyland. Dei tre i beitelaget er Magne Tjørhom, Arne Tjørhom og Geir Magne Hadland. Alle

tre driv med sau, Arne og Geir Magne med ku og Magne med hest.

- Det var også lett å få det til fordi det er vi tre i beitelaget som også dreiv arealet før, skyt Magne Tjørhom inn. Han er både grunneigar og ein av dei tre i beitelaget.

- Det kan nok vera vanskelegare å få til liknande samarbeid andre stader, ein del av eigiarane bur ikkje i bygda og kan ha andre interesser enn eigiarane som bur her og som er opptekne av at arealet skal drivast best mogleg, trur Geir Magne.

Gjerdehaldet ei utfordring

- Det er krevjande å halda gode nok gjerde i eit område som dette, særleg når det er mange og små teigar som skal gjerdast inne kvar for seg. Derfor var det heilt avgjerande for prosjektet at gjerdehaldet blei enklast mogleg, og det har vore ein viktig del av planen, syner Arne oss.

Totalt er det sett opp 2,5 km nytt gjerde rundt feltet. Det står att å setja

inn nokre nye grunder, og det står att å setja inn nokre kortare gjerde opp mot fjellet. Der har dei nå kartlagd kva som er sjølvgjerdt og kvar dei må setja opp gjerde. Desse gjerda vil bli sette opp i sommar, og så blir det å testa ut om dette er nok. Rundt 2,5 km med gamle gjerde inne på feltet kan takast ned. Så er det planen å dela heile området inn i tre skifte, med to elektriske gjerde på tvers.

- Eit viktig spørsmål vedkomande yttergjerdet er om dette må leggjast ned om vinteren, slik dei normalt har pleidd gjera for å unngå at snøen legg det flatt. Vi vil prøva oss fram, og har også nytta tre ulike nett for å sjå om det er forskjellar. I vinter var det så lite snø at vi ikkje fekk testa ut dette, fortel Åge.

- Ut frå gamal erfaring må de rekna med å leggjast ned ein del av gjerda, trur tidlegare fylkesagronom i planteavl og beitebruk, og fylkeslandbrukssjef i Rogaland, Einar K. Time, som er med oss på synfaringa. Dei andre er einige

i at det kan bli slik, men dei vil testa ut kvar dei må leggja gjerdet ned, og kvar det kan stå gjennom vinteren.

Organisering

Det er laga ein beitebruksplan for området og dei tre brukarane har skipa eit beitelag, men utan formell organisering.

Einar K. Time meiner det hadde vore ein fordel å ha ei formell organisering, med organisasjonsplan og styre. – I ein slik plan ville ein regulert bruksmåten, hatt betre avklaring på ein del spørsmål i høve til grunneigarane og ein ville stått sterkare i høve til samfunnet rundt, meiner han. Dei andre er ikkje ueinige, men meiner at med dei gode relasjonane som er mellom eigarar og leigarar, har det vore rett å prioritera å koma i gang, i høve til å ordna formalitetane.

Erfaringar så langt

Dette prosjektet er meint å skulla dela erfaringar med andre som vil i gang med tilsvarande. – Ei viktig erfaring, er at det er nyttig å ha ein person i kommunen som kan arbeida målretta med slike prosjekt. Ein nøytral person som kan ta initiativ og ta seg av forhandlingar og ”gods snakking” med grunneigarane, og alt papirarbeidet som følgjer med, understrekar Arne.

- Skal vi kunna ta tilbake beite som er grodd til, er organisering viktig. Då må vi ha positive grunneigarar, interesserte leigarar, og styresmakter som er med både for å organisera, men



Tre nettingtypar blir testa ut på yttergjerdet, her sekskantnetting til venstre og lammenetting til høgre. Pålane er for det meste sette opp med 1,5 m avstand. Gjerdekostnaden, inklusive eigeninnsats, er rekna til 90 – 100 kroner pr. løpemetar.

også for å styra midlar inn i prosjekta, meiner Åge Gyland.

Dei tre i beitelaget har sett at det er mykje arbeid å ta tidlegare beite tilbake frå naturen. Det blir omfattande arbeid med å hogga ut vedaskog, og det blir ein hard kamp å halda ugraset borte. Det er mellom anna mykje sølvbunke på dei opne areala, og det er eit vanskeleg ugras å få has på. – For vel ein generasjon sidan kunne vi nytta natriumklorat. I moderat mengde var

det selektivt mot sølvbunke i beite. Så blei det plantevernmiddelet forbode, og det er ikkje noko fullgodt alternativ. Eg meiner Bioforsk Plantevernet har forsømt seg i høve til å prøva ut plantevernmiddelet som kan vera selektive mot dette problemugraset, utfordrar Einar K. Time.

Dei tre legg mykje vekt på å få eit dyretal på beitet gjennom sesongen som til kvar tid gir rett beitetrykk, slik at beitet blir halde nede. Dermed må skogryddinga tilpassast behovet for beite. I vår hadde dei rundt 200 sauer med lam på arealet. Framover vil dei også leggja opp til kombinert beiting, der storfe kjem i tillegg til sau og hest, for å få maksimal utnytting av beita.



Her går lysløypa inn i beiteområdet, og det skal setjast inn ei ny grind. Det er snakk om gjensidig nytte. Dyra finn godt beite i løypetraseen, og held på andre sida denne open. Brukarane av løypa får eit opnare landskap å ferdast i når det etter kvart blir rydda større beiteareal.

Rydding av einer i beite

Einer brer om seg og gir problemer. For "Sjå Haugalandet" er einer en utfordring. Stier gror igjen og utsikten blir dårligere. Mange bønder har fått beiteareala redusert av einer og annen vegetasjon.

Torbjørn Ruud
Haugaland Landbruksrådgjeving
og Sjå Haugalandet

Nye kart bygger på satelittbilder. Er "beitet" fullt av einer, vil det ikke bli registrert som beite. Du får mindre arealtilskudd og dårligere beite. Derfor bør du fjerne buskene.

Gravemaskin med klo

Steinar Vikse i Sveio har gode erfaringer ved å rydde einer med gravemaskin. Han drar opp einerbuskene og annen vegetasjon med en hydraulisk klo på skuffen. Der han kommer til med maskinen, er dette effektivt, han bruker 1-2 timer/da.

Steinar er veldig fornøyd med kloa, han har sjelden opplevd noe som er så



Det er lett å få fyr på einerbuskene. (Foto: T. Ruud)

effektivt. En enkel og billig investering. Steinar mener de som har gravemaskin og problem med einer bør kjøpe seg utstyret. Noe busker graver han ned i søkk og planerer beitet. Noen legger han i hauger. Haugene kan brennes, men si ifra til brannvesenet før du tenner på.

Brenning

Det er lett å få fyr på einer siden nå-

lene inneholder brennbare oljer. Når nålene er brent, dør busken. De tørre, døde greinene står i årevis, er lite fine og kan skape problemer for beitinga. Etter brenning kan det være fornuftig med manuell rydding. I alle fall bør en rydde nær stier og vegger.

Saging - beiting

Ryddesag og motorsag er greit å bruke på smale busker med få greiner. Ofte er buskene breie og har mange greiner som ligger på bakken. Da er det mer arbeidskrevende å bruke sag, men det går. Der du skal kjøre traktor, bør du kutte rett av. Lange, spisse kutt kan skade traktordekk. Der en ikke kommer til med gravemaskin og ikke kan brenne, er sag ofte eneste alternativ.

De som har villsau og geiter, har mindre problem med einer, siden de beiter på buskene.



Minigraver med klo som rydder einer på Tromlingene i Agder. (Foto: SNO Agderkysten v/Arild Pfaff)



Skuffen med klo som Steinar Vikse i Sveio har gode erfaringer med. (Foto fra katalog)

Ugras i beite

Det er mange ugras som kan vera leie i beite, og lokalt kan det variera kva for ugras som skaper dei største ulemmene. Her skal vi bare ta med tre slag som dei fleste kjenner godt til. Vi har plukka bilete og informasjon frå brosjyren "Ugras i eng og beite", utgjeven av Fylkesmannen i Rogaland og Felleskjøpet Rogaland Agder

Kulturvekstane må konkurrera om vekse plass og næring med ugrasa. Normalt blir det mindre avling, og kvaliteten blir jamt over dårlegare, om innslaga av ugras kjem over eit visst nivå. Ugras på garden din blir ofte også ei ulempe for naboen, fordi mange ugrasfrø fyk langt med vinden.

Etter § 3 i forskrift om produksjons-

tilskot i landbruket blir det kravd at føretaket må drive "vanleg jordbruksproduksjon" for å ha rett på tilskot. Det er grunn til å tru at ein del areal ikkje vil få slikt tilskot, dersom ugraskampen ikkje blir intensivert. Sum verdi av tapt avling og tilskot ved vanskjøtsel kan bli stor.



VEGTISTEL MYRTISTEL

Cirsium vulgare,

Cirsium palustre

Vegtistel	Toårig med lita pålerot
Myrtistel	Toårig med lita pålerot
Formeiring	Frø
Blomstring	juli – september
Frømengd	Myrtistel ca 7.000 og Vegtistel ca 2.800
Utbreiing	Myrtistel: Mest på myr og vassjuk jord. Vegtistel: Ved vegar og grøftekantar, likar seg best på tørr, lettare mineraljord. Førekjem også på tyngre jordartar.
Giftig	Nei

Mekanisk behandling/førebyggjande

Fjerning av bladrosett like under jordoverflata med hakke eller spade er effektivt. Pass på å kappe under lågaste blad for å få med vekstpunktet.

Litt salt, eller kalksalpeter i rosetten er òg eit velkjend og effektivt tiltak – tørkar ut planten.

Kjemisk behandling*

Tid for behandling i etablert eng/beite: Rosettstadiet

Behandlingsstad	Behandlingsmåte	Beitefrie dagar	Verkegrad
Fornyng av eng	Glyfosat	-	
Etablert eng/beite	MCPA	21	1
Etablert eng/beite	Mecoprop	14	2

*Kløver kan skadast ved behandling. Sjå nøye på etiketten på det midlet du nyttar.



LYSSIV OG KNAPPSIV

(Juncus effusus,

J. conglomeratus)

Lyssiv, Knappsiv	Fleirårige planter som veks i tette tuer med sterkt greina jordstengler
Formeiring	Formeiring og spreing med frø og i nokon grad med krypande jordstengel
Blomstring	Juli - august
Frømengd	Lyssiv 6.000 og knappsiv 4.500.
Livsløp	Både strå og blad er trinne, runde med svampa marg inni. Oksygen slepp ned frå dei overjordiske delane via den svampa margen slik at røtene kan overleve i oksygenfritt miljø. Om hausten blir bladet gult lenge før stengelen.
Utbreiing	Lys-/ knappsiv veks best på fuktig dyrka jord med høgt organisk innhald, men også langs elver, bekkar og grøfter. Utbreiinga har auka mykje siste åra med førekomstar også på tørre bakkar.
Giftig	Nei

Mekanisk behandling/førebyggjande

Har lys-/knappsiv først teke overhand, er dei vanskelege å drepa mekanisk. Slått og beiting kan avgrense frøsetting. Frøplanter toler lite beiting/kutting/slått.

Svært låg stubbing og minst to slåttar pr. år verkar i bekjempinga.

Kjemisk behandling

Sprøytetidspunkt: Når plantene er i god vekst, strekningsvekst, før blomstring*

Behandlingsstad	Behandlingsmåte	Beitefrie dagar	Verkegrad
Fornyng av eng	Glyfosat	-	
Varig eng/beite (alt 1)	MCPA**	21	2
(alt 2)	Mekoprop **	14	2
(alt 3)	Glyfosat** (flekvis behandling)	7	2/3

* Kjemiske middel drep ikkje frøa som ligg i jorda.

** Fordel å bruke klebemiddel.

FØREBYGGJANDE TILTAK

Gode og effektive førebyggjande tiltak er heilt naudsynte for å få ei god og sikker etablering av grasattlegget. Her blir grunnlaget for engåra lagt.

Gode førebyggjande tiltak er:

- Systematisk grøfting
- God pløying og jordarbeiding som legg grunnlaget for eit godt såbed
- Grunn såing av såfrø, 1–2 cm djupt
- Unngå jordpakking, trakksskadar og køyreskadar
- Rett kalktilstand
- Hindre frøspreiing frå kantar og fôrrestar med spiredyktige ugrasfrø.

Tett plantedecke og robuste kulturplanter i engåra vil vere den beste måten å halde ugraset i sjakk på.

MEKANISKE TILTAK

Det er ingen klare økonomiske skadetersklar for ugras i eng og beite. Målsettinga bør vere å halde både slåtteng og beite frie for ugras, slik at førkvalitet og føropptak blir haldne oppe. Frø overlever betre i gjødselskorpa enn i flytande gjødsel. Tilsetning av microkalk/biokalk kombinert med jamleg omrøring i gjødselkjellaren vil såleis kunne drepe ein del ugrasfrø.

I attleggsåret er det viktig å hindre oppspiring av ugrasfrø. Bruk av frøblandingar som etablerer seg raskt, og som har god dekkevne, vil gi ugraset konkurranse.

Pussing av attlegg kan også ha god effekt mot høge eittårige ugras, men attlegget bør ikkje pussast dersom det er problem med tunrapp. I eng og beite vil det for nokre ugrasartar vere aktuelt med handluking og opptak med hakke eller spade. Bruk av beitepussar, ljà eller ryddesag er også effektive reiskapar i kampen mot rotugras. Veksling mellom ulike dyreslag på beite, eller sambeiting, kan òg halde ugrasfloraen nede.



VANLEG HØYMOLE,

KRUSHØYMOLE,

BYHØYMOLE

(*Rumex longifolius*,

R. crispus,

R. obtusifolius)

Høymole, Krushøymole, Byhøymole	Fleirårige planter med kraftig, greina pælerot.
Formeiring	Spreier seg med frø, eller med oppdeling av røter.
Blomstring	juni-august
Frømengd	4.000-9.000 (fleest hos vanleg høymole og færrest hos krushøymole)
Utbreiging	Veks i eng/beite over heile landet.
Giftig	Nei

Mekanisk behandling/førebyggjande

- Luking av heile planta når opplagsnæringa er minst, er mest effektivt. Dette er når stengelen har begynt å strekke seg, men før blomstring (rotlausveka). Plantene sit ofte lausare i fuktig enn tørr jord og på flo/fløande sjø. Fresing til 2-3 cm bitar vil hindre spiring frå rotbitane.
- Beiting med sau
- Høg stubbing (10–12 cm) ser ut til å svekke meir enn lågare stubbing (5–6 cm).
- Tidleg hausting av første slått og oftare slått (3–4 veker mellom desse).
- Små frøstenglar bør ikkje få stå i fred utover hausten. Frø som overvintrar på planta har ikkje frøkvile og spirer lettare enn frø lagra i jord.
- Seint om hausten er det berre éi effektiv rådgjerd: Fjerne alle høymolestenglar og brenne massen etterpå. Høymolefrø har stor evne til å ettermodnast dersom plantemassen ligg og tørkar på ei fylling.

Kjemisk behandling

Sprøytetidspunkt i etablert eng/beite: Rosettstadiet før eller etter 1. slått. Sprøyting har ikkje god verknad på byhøymole.

* Merk: Når planta er 3 år startar ho å utvikle sideskot. Sprøyting av gammal plante kan såleis tyne morplanta medan sideskota lever vidare.

Behandlingsstad	Behandlingsmåte	Beitefrie dagar	Verkegrad
Fornying av eng	Glyfosat	-	
Attleggsår engbl. u/kløver (alt 1)	Ariane S	-	1
Attleggsår engbl. u/kløver (alt 2)	Express + tomahawk	-	2
Etablert eng / beite (alt 1)	Banvel	21	1
Etablert eng / beite (alt 2)	Mekoprop	14	1
Etablert eng / beite (alt 3)	Starane XL	14	1
Etablert eng/beite (alt 4)	Tomahawk	7	1
Etablert eng / beite (alt 4)	Gratil eller harmony*	7	1/2

*Egnar seg best på planter yngre enn 3 år. Dårleg langtidseffekt på gamle planter. Midla set veksten i graset tilbake.

